

List of Signatures

Page 1/1

 korrigert_årsrapport2025.pdf

Name	Method	Signed at
SHIRIN AHLBÄCK ÖBERG	BANKID	2026-05-21 13:49 GMT+02
Vorland, Sigrid	BANKID	2026-05-22 17:27 GMT+02
Wetås, Åse	BANKID	2026-05-21 13:18 GMT+02
Asplund, Ida-Elise Seppola	BANKID	2026-05-21 12:41 GMT+02
Stavnes, Julie	BANKID	2026-05-26 08:23 GMT+02
Tungodden, Tore	BANKID	2026-05-21 16:06 GMT+02
Garang, Styrk	BANKID	2026-05-23 14:20 GMT+02
Berre, Inga	BANKID	2026-05-21 16:29 GMT+02
Sharma, Kamilla	BANKID	2026-05-22 11:13 GMT+02
Hagen, Margareth	BANKID	2026-05-28 10:44 GMT+02
Nilssen, Herlof	BANKID	2026-05-22 14:29 GMT+02
Vagstad, Steinar	BANKID	2026-05-21 12:29 GMT+02



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 53582F27458245539C706F4C61C75456

Universitetet i Bergen

ÅRSRAPPORT 2025



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
53582F27458245539C706F4C61C75456

INNHALD

1. ÅRSMELDINGA TIL STYRET	4
2. INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL	10
3. ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT	14
3.1 Rapportering på sektormål	15
3.2 Utviklingsavtalen	17
3.3 Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt	42
3.4 Midlar tildelte over andre budsjettpostar	42
4. STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA	44
4.1 Styring og kontroll i verksemda	45
4.2 Større byggeprosjekt under utvikling	47
4.3 Oppfølging av nasjonal strategi for digital omstilling	50
4.4 Arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energiforbruk	52
4.5 Tilsettingar av personar med funksjonsnedsetting	54
4.6 Redusere konsulentbruken	55
4.7 Tryggleik og beredskap	56
4.8 Informasjonstryggleik og personvern	58
4.9 Avsetningar	59
4.10 Utarbeiding av investeringsplan	60
4.11 Tilstandsvurdering bygg	60
5. FRAMTIDSUTSIKTER OG PLANAR	62
5.1 Framtidsutsikter og planar	63
5.2 Planar for tildelt løyving	64
6. ÅRSREGNSKAP 2025	66



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
53582F27458245539C706F4C61C75456



Foto: Eivind Senneset



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
53582F27458245539C706F4C61C75456

1. ÅRSMELDINGA TIL STYRET



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
53582F27458245539C706F4C61C75456

Arbeidet til styret

Styret gjennomførte åtte ordinære møte og har handsama 114 saker i 2025.

Våren 2025 gjennomførte UiB eit rektorval for perioden 2025 - 2029 der Margareth Hagen blei valt som rektor for ein ny periode og Sigrunn Eliassen blei valt som prorektor. I 2025 blei det også valt nytt universitetsstyre. Det nye styret starta sitt arbeid 1. august 2025 og i oktober blei det halde eit styreseminar slik at det nye styret skulle bli kjent med UiB. I løpet av 2025 er det også tilsett fire nye dekanar.¹

Ei viktig sak i 2025 har vore forvaltning og utvikling av universitetet sine areal. I 2025 har styret vedteke ein ny modell for husleige og ein revisjon av universitetets [Masterplan for areal](#). Eit særleg høgt prioritert prosjekt er rehabiliteringa av [UiB Realfaghøyden](#). Det er eit mål for organisasjonen å redusere arealbruken, og fleire av fagmiljøa har funne løysningar for å frigjere areal.

Viktige aktivitetar og resultat i 2025

Styret meiner at den strategiske innsatsen i 2025 samsvarar med dei høge faglege ambisjonane i strategien om å vidareutvikle forskings- og utdanningsmiljø på høgt internasjonalt nivå over heile breidda av fagmiljø.

Innanfor Det europeiske forskingsrådet (ERC) fekk UiB finansiering til tre stipend, to AdG og eitt StG. UiB sine forskingsmiljø fekk finansiering til 13 forskarprosjekt frå FRIPRO-programmet til Forskingsrådet. Samstundes er det ei erkjenning at det har vore ei viss nedgang i talet på nye prosjekt både innanfor ERC og FRIPRO i 2025.

SFF-ordninga er eit viktig reiskap for å bygge sterke og langsiktige forskingsmiljø. Arbeidet med å mobilisere til søknad i SFF-VI, resulterte i 34 sentersøknader. Gjennom året er det også jobba målretta med å utvikle søknadar til Forskingsrådet si utlysning av forskingsinfrastruktur av nasjonal betydning.

Som del av ei nasjonal satsing på kunstig intelligens, opna UiB [Nasjonalt senter for kunstig intelligens og læring \(AI LEARN\)](#). Senteret skal forske på samspelet mellom menneske og kunstig intelligens. Målet er å utvikle ny kunnskap om hybrid intelligens og å skape løysningar som sikrar ei berekraftig, inkluderande og ansvarleg integrering av KI i samfunnet.

Eit anna nasjonalt senter som opna i 2025, [Senter for norsk fagspråk](#), vil samle mange av dei norske språkvitskapelege miljøa i eit storstilt nasjonal samarbeid dei neste åtte åra.

[Innovation Centre for Neuroresilience \(ICoN\)](#) fekk i 2025 status som Senter for forskingsdrevet innovasjon (SFI). Senteret skal utvikle nye løysingar for tidleg oppdaging, førebygging og behandling av nevrodegenerative sjukdommar som til dømes Parkinsons sjukdom.

I 2025 blei det vedteke at Simula UiB skal huse eit av fire nye nasjonale forskingssenter i kvanteteknologi, finansiert av Forskingsrådet. I 2025 blei UiB også ein del av det nasjonale Kvante-konsortiet Norsk kvanteklynge.

¹ Ved UiB har fire fakultet tilsett dekan, medan fire fakultet har valde dekanar.



UiB har sterke fagmiljø knytt til polar og arktisk forskning, og har hatt ein sentral rolle i utforminga av forskingsprogrammet Polhavet 2050.

Forskringsrådet sin innovasjonspris blei i 2025 gitt til UiB-professor Bodil Holst.

Dei ulike løyvingane stadfestar UiB sin posisjon som eit internasjonalt forskingsuniversitet, og universitetet arbeider kontinuerleg for å auke søknadane og tilslag innanfor konkurransearenaene. Auka merksemd har gitt fleire søknader til eksellensprogramma i Forskringsrådet og ERC.

UiB er ein attraktiv studiestad, noko som også blei stadfesta ved studentopptaket hausten 2025. Over 11 000 søkarar hadde UiB som sitt førsteval. Hausten 2025 er det registrert til saman 19 165 studentar ved UiB, ei auke på 140 studentar frå 2024. Vidareutvikling av studieporteføljen er høgt prioritert, mellom anna gjennom pilotprosjekt for innlemming av teknologi og digital kunnskap. I 2025 vedtok styret også oppstart av eit nytt sivilingeniørprogram i kvanteteknologi, som etablerast innanfor eiga ramme.

Gjennomføringa innanfor studieprogramma er betra samanlikna med tidlegare år, og [Vestlandslegen](#) er no godt etablert med finansiering av 40 studieplassar i Stavanger, 20 i Førde og 20 i Haugesund. UiB har dermed motteke 80 av dei venta 110 nye studieplassane i den nasjonale opptrappingsplanen for medisintutdanninga.

I revidert nasjonalbudsjett for 2025 gav Stortinget 20 millionar kroner i startløyving til nytt bygg for Griegakademiet. Samstundes vedtok Stortinget ei kostnadsramme for byggeprosjektet på inntil 853 millionar kroner og for brukarutstyrsprosjektet på inntil 205 millionar kroner. Bygget skal ferdigstillast og takast i bruk til studiestart 2029. Styret er nøgd med at arbeidet no kjem i gang og ser fram til å følge opp byggeprosessen.

I ei geopolitisk krevjande tid blir arbeidet med internasjonale partnerskap og alliansar særleg viktig. I 2025 har UiB intensivert sitt arbeid med dei europeiske universitetsalliansane [Coimbra](#) og [CHARM-EU](#), og leia arbeidet på norsk side med den nye norsk-britiske alliansen [North Sea University Partnership](#) (NSUP). I samarbeid med NTNU og ei rekkje nasjonale og internasjonale aktørar var UiB ein sentral deltakar i [KIC One Water](#) initiativet. Dette var ein søknad om å oppnå status som Knowledge and Innovation Community (KIC) under Horisont Europa. I ein svært skarp konkurranse nådde ikkje konsortiet heilt opp, men koalisjonen vil fortsette sitt samarbeid.

Universitetet har gjennomført Felles arbeidsmiljøundersøking, som blir følgt opp gjennom ulike tiltak.

Universitetsmuseet fylte 200 år i 2025 og blei feira gjennom heile året med ei jubileumsutstilling, opne publikumsdagar og ulike seminar og foredrag. Arrangementa har hatt godt besøk og bidratt til at store deler av museet si verksemd har blitt presentert for eit breitt publikum.



Styring og kontroll

Gjennom tertialvise rapportar får styret oppdatering om gjennomføring av planar og budsjett. Etter styret si oppfatning har UiB tilfredsstillande styring og kontroll, og forvaltar ressursane forsvarleg og effektivt.

Styret støttar UiB sine ambisjonar om å vere eit internasjonalt sterkt forskingsuniversitet, og har fått fleire orienteringar om arbeidet med forskingskvalitet. Dei årlege kvalitetsmeldingane for utdanning og forskarutdanning gir styret god innsikt i organisasjonen sitt arbeid med å styrke kvaliteten i utdanningane.

Dei samla inntektene for UiB var i 2025 på 6,131 milliardar kroner. Av dette utgjorde inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) 1,275 milliardar kroner.

Rekneskapen for 2025 blei gjort opp med eit positivt driftsresultat på 113 millionar kroner.

Talet på tilsette var 4 015 årsverk, av desse 2 385 vitenskaplege. Sjukefråværet var på 4,7 prosent. Tilsvarende tal var 4,7 prosent i 2024 og 4,5 prosent i 2023.

Tabell 1. Nøkkeltal UiB 2021-2025

	2021	2022	2023	2024	2025	Endring frå 2024
Studentar haust (eigenfinansiert)	19 641	18 948	18 926	19 023	19 165	141
Avlagte studiepoeng (årseiningar)	14 343	13 793	13 933	13 762	13 909	147
Publiseringspoeng*	3 763	3 323	3 299	3 191		
Doktorgradar	245	220	215	229	218	-11
Inntekter (i mill. kroner)	5 414	5 657	6 047	6 042	6 131	89
- av dette bidrag/oppdrag (BOA)	1 059	1 302	1 349	1 344	1 275	-69
Årsverk	4 215	4 222	4 225	4 147	4 015	-132
Teknisk administrative	1 653	1 650	1 722	1 677	1 630	-47
Vitenskaplege	2 562	2 572	2 503	2 469	2 385	-85
- Av dette rekruttering	921	956	931	923	883	-40
- Av dette forskarar	244	240	255	262	243	-19
- Av dette andre vitenskaplege	1 397	1 376	1 317	1 284	1 259	-26

*Data for publiseringspoeng er ikkje klar før 1. april 2026



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
53582F27458245539C706F4C61C75456

Utfordringar og prioriteringar

Universitetet sin strategi, «[Kunnskap som formar samfunnet](#)», set rammene for planane for perioden 2023–2030. I løpet av våren 2026 skal det gjennomførast ei mindre oppdatering av strategien. I 2026 skal det også utarbeidast ein utviklingsavtale for perioden 2027 -2030. Dette arbeidet vil knytast tett til oppdateringa av strategien.

Styret er uroa for at systematiske rammekutt over mange år svekker dei internasjonale forskingsuniversiteta si konkurransekraft og fagmiljøa sine moglegheiter til å bygge kvalitet i forskning og utdanning. Rammekutta står ikkje i samsvar med forventningane universiteta møtes med, og heller ikkje med universiteta sine faglege ambisjonar. For UiB viser tala for 2025 at tilsette er redusert med tre prosent frå 2024, og med fem prosent sidan 2023. Talet på tilsette er med dette det lågaste sidan 2018. Om utviklinga med rammekutt held fram, er UiB uroa for at dette både vil svekke studiekvaliteten og universitetet sine moglegheiter til å oppretthalde forskingsaktiviteten. Ein [rapport](#) frå NIFU/Oslo Economics peikar på same tendens; forskingsaktivitet er kutta i sektoren dei siste åra. Det kan bety at langsiktige og sterke forskingsmiljø blir svekka.

Trass i ein økonomisk krevjande situasjon har UiB samla sett ein balansert økonomisk situasjon med tilfredsstillande nivå på overføringar på grunnløyvinga.

UiB er særleg oppteken av å styrke kvaliteten i det første studieåret, og sikre fagleg breidd og ei sterk rekruttering dei komande åra. Systematisk arbeid med å betre gjennomføringa i studieprogramma har framleis høg prioritet. PhD-kandidatane bidreg med store delar av den forskinga som skjer ved universiteta. Å oppretthalde talet på PhD-kandidatar er derfor ei målsetting.

Rapporten [Styrk UiB](#) har som mål å styrke universitetet si evne til å hente inn ekstern forskingsfinansiering. Initiativet er forankra i UiB sitt strategiarbeid og skal bidra til høgare kvalitet i forskinga.

UiB har viktige byggeprosjekt for å ivareta forskinga og fagmiljøa. For å sikre Noreg sin kapasitet og kvalitet innanfor naturvitskap og teknologi vil det vere avgjerande å få realisert [UiB Realfaghøyden](#). Prosjektet har no levert og fått godkjent ei kvalitetssikring (KS1). Prosjektet er dermed klart til oppstart i 2027 om nødvendig finansiering kjem på plass. UiB har i si overordna risikovurdering, vurdert framdrift i UiB Realfaghøyden som det viktigaste og mest kritiske for UiB.

Bergen, 12.03.2026



Margareth Hagen
rektor

Inga Berre

Ida-Elise Seppola Asplund

Styrk Garang

Åse Wetås

Kamilla Sharma

Herlof Nilssen

Julie Stavnes

Steinar Vagstad

Shirin Ahlbäck Öberg

Sigrid Vorland

Tore Tungodden
universitetsdirektør



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
53582F27458245539C706F4C61C75456

2. INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
53582F27458245539C706F4C61C75456

Universitetet i Bergen (UiB) er eit internasjonalt forskingsuniversitet med lange vitskapelege tradisjonar og med nasjonalt ansvar for å forvalte og utvikle eit breitt spekter av fagdisiplinar. UiB er ein klassisk kunnskaps- og kulturberande institusjon basert på europeiske universitetsideal og med akademisk fridom som grunnleggjande prinsipp.

Langsiktig og grunnleggjande forskning av høg internasjonal kvalitet og forskingsbasert utdanning er fundamentet for all verksemd. Stor fagleg breidd gir unike moglegheiter til mobilisering, fordjuping og samarbeid på tvers av faggrenser i møte med framtidens utfordringar.

I 2025 feira universitetet 200-årsjubileet for etableringa av Bergens Museum², som blei grunnlagt i 1825. Museet er ein viktig forløpar og grunnlag for opprettinga av UiB i 1946. Gjennom to hundreår har museet spela ei sentral rolle i å fremme vitskap og kultur. UiB blei etablert som ein sentral del av bygginga av kunnskapsnasjonen Noreg. Universitetet sitt fundament er forma av vitskapelege tradisjonar frå etableringa av Bergens Museum og Bergen som internasjonal møteplass heilt sidan mellomalderen. Med si stolte historie påverkar og formar UiB framtida.

UiBs strategi

Universitetet sin strategi «[Kunnskap som formar samfunnet](#)» blei vedteken i 2023. Strategien har som visjon at «*UiB skal vere blant Europas fremste universitet, internasjonalt kjent for høg kvalitet i forskning og utdanning. Som samfunnsinstitusjon skal vi bidra til ei berekraftig og demokratisk utvikling og vere ein attraktiv og inkluderande studie- og arbeidsstad*».

Strategien er delt inn i fire «hovudtema» med eigne visjonar og strategiske ambisjonar:

1. Forsking på høgt internasjonalt nivå
Visjon: UiB skal flytte kunnskapsgrensene og bidra til ei berekraftig og demokratisk framtid gjennom sterk forskning i og på tvers av disiplinane over ei stor fagleg breidd.
2. Utdanning av høg kvalitet
Visjon: UiB skal utdanne kandidatar som kan forme morgondagens samfunn, arbeids- og næringsliv med perspektiv frå ulike fagområde. Vi skal gi studentar eit fagleg fundament som varer heile livet og som bidreg til å skape kompetente og reflekterte samfunnsborgarar.
3. Kunnskapsformidling, samfunnsdialog og innovasjon
Visjon: UiB skal vere ei open kunnskapskjelde og ein framifrå arena for forskingsbasert kunnskapsoverføring og samfunnsdialog.
4. Universitetssamfunnet og organisasjonen
Visjon: UiB skal vere ein attraktiv arbeids- og studiestad som rekrutterer og utviklar sterk kompetanse og fremjar ein samarbeidskultur om felles høge ambisjonar.


Strategien har eit langsiktig perspektiv over åtte år, frå 2023 til 2030, og legg premissane for innretninga av utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet (KD) for perioden 2023–2026. I 2025 starta styret arbeidet med ei mindre oppdatering av strategien. Arbeidet, som er leia av prorektor med dekanane som arbeidsgruppe, skal ferdigstillast våren 2026.

² *Universitetsmuseet i Bergen frå 2011*



Organisering

Styret er UiB sitt øvste organ og representerer institusjonen ovanfor offentlege styresmakter. Universitetet sin styreleiar er valt rektor Margareth Hagen. UiB er organisert i sju fakultet og 31 institutt, Universitetsbiblioteket og Universitetsmuseet. Figur 1 viser universitetet sitt organisasjonskart per 2025.



Figur 1. Organisasjonskart UiB

Hovudtal

Tabell 2 viser utvalde nøkkeltal for UiB. Inntektene i 2025 utgjorde 6,1 milliardar kroner. Av dette kom i underkant av 1,3 milliardar kroner frå eksterne bidrags- og oppdragsinntekter (BOA). Talet på årsverk utgjorde 4 015, og hausten 2025 var det registrert 19 165 studentar som til saman avla studiepoeng tilsvarande 13 967 årseiningar. Ytterlegare data og nøkkeltal for universitetets verksemd finst i [Database for statistikk om høgare utdanning \(DBH\)](#).

Tabell 2. Nøkkeltal UiB 2021 – 2025

	2021	2022	2023	2024	2025	Endring frå 2024
Studentar haust (eigenfinansiert)	19 641	18 948	18 926	19 023	19 165	141
Avlagte studiepoeng (årseiningar)	14 343	13 793	13 933	13 762	13 909	147
Publiseringspoeng*	3 763	3 323	3 299	3 191		
Doktorgradar	245	220	215	229	218	-11
Inntekter (i mill. kroner)	5 414	5 657	6 047	6 042	6 131	89
- av dette bidrag/oppdrag (BOA)	1 059	1 302	1 349	1 344	1 275	-69
Årsverk	4 215	4 222	4 225	4 147	4 015	-132
Teknisk administrative	1 653	1 650	1 722	1 677	1 630	-47
Vitenskaplege	2 562	2 572	2 503	2 469	2 385	-85
- Av dette rekruttering	921	956	931	923	883	-40
- Av dette forskarar	244	240	255	262	243	-19
- Av dette andre vitenskaplege	1 397	1 376	1 317	1 284	1 259	-26

*Data for publiseringspoeng er ikkje klar før 1. april 2026



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
53582F27458245539C706F4C61C75456



Foto: Marianne Røsvik



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
53582F27458245539C706F4C61C75456

3. ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
53582F27458245539C706F4C61C75456

I [Prop. 1 S \(2024–2025\)](#) budsjettkapittel 260, har KD fastsett følgjande tre nasjonale sektormål for universitets- og høgskulesektoren for 2025:

1. Høg kvalitet i utdanning og forskning
2. Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon
3. God tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet

Måla skal spegle dei aktuelle politiske hovudprioriteringane for universitet og høgskular, og samsvarar med Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning. Individuelle mål for den enkelte institusjonen er fastsette i form av utviklingsavtalar. Avtalar for perioden 2023–2026 blei fastsette i 2022.

Dette kapitlet gir ein gjennomgang av korleis UiB løyser samfunnsoppdraget og korleis universitetet sine aktivitetar og resultat i 2025 har bidrege til sektormåla. Gjennomgangen av årets resultat blir gitt etter rapporteringskrav sett av KD i tildelingsbrev og styringsdialog. Først blir det gitt ei overordna rapportering på departementet sine sektormål i kapittel 3.1. Deretter blir status for utviklingsavtalen mellom UiB og departementet presentert. Kapitla 3.3–3.4 inneheld rapportering på ulike krav frå departementet. Rapportering på regjeringa sine fellesføringar blir gitt i kapittel 4.

3.1 Rapportering på sektormål

Høy kvalitet i utdanning og forskning

Langsiktig og grunnleggjande forskning av høg internasjonal kvalitet og forskingsbasert utdanning er fundamentet for all verksemd ved UiB. Den store faglege breidda gir unike moglegheiter til mobilisering, fordjuping og samarbeid på tvers av faggrenser i møte med framtidens utfordringar. Det faglege mangfaldet og dei unike samlingane ved Universitetsmuseet og Universitetsbiblioteket utgjer ein viktig del av universitetet si felles kulturarv og samfunnsoppdrag.

Høg kvalitet, fagleg integritet og eit langsiktig perspektiv kjenneteiknar UiB sine forskingsmiljø, og fleire av dei er internasjonalt leiande. Forskingsetikk og vitskapens integritet er sentrale verdiar for universitetet si verksemd.

Høg kvalitet i utdanning og forskning er sentralt både i universitetet sin strategi og i utviklingsavtalen, der to av tre mål omhandlar temaet. Nærare omtale av resultatata for 2025 innanfor sektormålet blir gitt i kapittel 3.2.

Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon

UiB har sterke tradisjonar for å utvikle ny kunnskap som gir nye teknologiske løysingar, samt teneste- og sosial innovasjon, og dermed overføre kunnskap og bruk av ny forskning til samfunnet.



Den sentrale plasseringa i kunnskapsbyen Bergen, dei mange [kunnskapsklyngene](#), [Sentre for forskingsdreven innovasjon \(SFI\)](#) og [VIS](#), gjer universitetet til ein unik pådrivar for samarbeid mellom næringsliv, offentlig sektor, kultur- og samfunnsliv, både regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Studentane utgjer også ei viktig kraft i innovasjonsarbeidet.

UiB har, som sentral samfunns- og utdanningsinstitusjon, ei avgjerande rolle i å skape sosial mobilitet, velferd og styrke mangfaldet i Noreg. Å sikre at utdanning og forskning er tilgjengeleg for alle, og at universitetet er ein trygg og inkluderande stad for studentar og tilsette, er viktige mål for verksemda.

Det faglege engasjementet for eit berekraftig samfunn og sosial mobilitet er ikkje nødvendigvis avgrensa til bestemte fagfelt, metodar eller teoriar, men finst ved alle fakultet. Fagmiljøa omfattar naturvitskaplege perspektiv på klima og miljø, så vel som dei omfattande sosiale, kulturelle, politiske, juridiske, medisinske og økonomiske dimensjonane av berekraftsmåla. Fleire fagmiljø ved UiB er internasjonalt leiande innanfor viktige delar av berekraft, særleg forskning på naturmangfald, klima, miljø, samt dei sosiale og økonomiske sidene ved desse.

UiB sin posisjon i det faglege arbeidet med [berekraft](#) forpliktar også med omsyn til korleis UiB utviklar seg som ein berekraftig organisasjon. Her har arbeidet for å redusere eigne klimautslepp hatt høg prioritet.

Resultata for 2025 innanfor sektormålet er nærare omtalt i kapittel 3.2 og 4.4.

God tilgang til utdanning, forskning og kompetanse i heile landet

UiB er eit nasjonalt universitet som utviklar kunnskap og kompetanse som kjem heile landet til gode. Vurderingar av verkemiddel for betre utdannings- og kompetansetilbod må sjåast i samheng med rolla dei klassiske, norske breiddeuniversiteta har i å gi eit tilbod ikkje berre i eigen geografisk region, men for heile landet. UiB rekrutterer studentar nasjonalt. I rapporten [Samfunnets kompetansebehov og dimensjonering av høgere utdanning](#) frå HK.dir visast det mellom anna til at om lag 60 prosent av dei nye studentane hausten 2023 hadde fullført vidaregåande skule frå eit anna fylke enn Vestland.

UiB forvaltar og vidareutviklar ei rekke fagdisiplinar og gir samfunnet eit solid fundament for nye idear og løysingar. Den frie grunnforskinga bidreg til at Noreg har ein solid kunnskapsberedskap i møte med store samfunnsutfordringar og behov for omstilling og vekst i norsk økonomi.

UiB er eit byuniversitet, med ein campus som er godt integrert i Bergens bybilette, med gangavstand til alle einingar. [Studiebarometeret](#) frå 2025 viser at UiB er blant universiteta med høgast fysisk tilstadesverande på campus. UiB arbeider kontinuerleg med å betre og utvikle læringsromma til studentane, og med ein samla og godt integrert campus.

Norsk nærings- og samfunnsliv treng også godt samspel mellom distrikt og byar. Eit døme på dette er etableringa av studieprogrammet [Vestlandslegen](#). Modellen inneber ein regio-



nal studiemodell der dei tre første grunnleggande åra blir gjennomført i Bergen, deretter tre år i Stavanger, Haugesund eller Førde, slik at ressursar og kompetanse på heile Vestlandet kan byggast ut og takast i bruk. Lokale helseføretak og kommunehelseteneste på kvar lokalitet får dermed eit heilskapleg utdanningsansvar for den kliniske delen av studieløpet. Eit felles ansvar for studiemodellen for Vestlandslegen vil i tillegg kunne utvikle samarbeidet mellom helseføretaka i regionane, og mellom helseføretak og kommunehelsetenesta.

Resultata for 2025 innanfor sektormålet er nærare omtalt i kapittel 3.2.

3.2 Utviklingsavtalen

Mål 1. Vidareutvikle UiB som eit internasjonalt sterkt forskingsuniversitet basert på langsiktig og grunnleggande forskning

UiB vil vidareutvikle sin profil som forskingsuniversitet. Med internasjonal forskning og eit ansvar for stor fagleg breidd, vil UiB flytte kunnskapsgrensene og bidra til ei berekraftig og demokratisk framtid.

Den store breidda av fagområde ved UiB bidreg til å sikre kunnskapsberedskapen i samfunnet. Høg kvalitet, fagleg integritet og eit langsiktig perspektiv kjenneteiknar UiB sine forskingsmiljø, og fleire av dei er internasjonalt leiande.

Noreg og verda står ovanfor komplekse utfordringar som krev tillit til kunnskap og dristig tverrfagleg og fleirfagleg forskning. Forskingsetikk, vern om vitenskapens integritet og akademisk fridom er sentrale verdiar for UiB si verksemd. UiB vernar om uavhengig og nysgjerrighetsdriven forskning.

Styringsparameterar

- Utvikle fleire internasjonalt leiande miljø innanfor sine fagområde
- Auke gjennomslag i europeiske og nasjonale konkurransearenaer for eksternfinansiering i verkemidla for framifrå forskning
- Auke gjennomslag i tematiske og utfordringsdefinerte utlysingar
- Utvikle arbeidet med rekruttering og god karriereutvikling for vitenskapleg tilsette
- Auke vektlegging av forskningsetikk og redelighet i breidda av verksemda til UiB

Utvikle fleire internasjonalt leiande miljø innanfor sine fagområde

UiB sine fagmiljø samarbeider breitt og internasjonalt i forskning og publisering. Akademisk fridom og ein kultur for å tenke nytt og langsiktig i breidda av forskingsområda er ein føresetnad for sterke fagmiljø. Å utvikle internasjonalt leiande fagmiljø krev langsiktige samarbeidsrelasjonar, gode rammevilkår og kultur for kollegial støtte og internasjonalt samarbeid. Solid forskning og publisering er føresetnadar for å vinne fram på konkurransearenaene for ekstern forskingsfinansiering.



Forskningsrådet presenterte i 2025 nasjonale fagevalueringar av [medisin og helsefag](#) og av [matematikk, IKT og teknologi](#). Evalueringa av medisin og helse omfatta miljø ved Det medisinske fakultet og Det psykologiske fakultet, medan evalueringa innanfor matematikk, IKT og teknologi omfatta Institutt for informatikk, Matematisk institutt og deler av Institutt for fysikk og teknologi ved Fakultet for naturvitskap og teknologi (NT). Dei øvrige institutta og miljøa ved NT-fakultetet blei evaluert i fagevaluering for naturvitskap og fagevaluering for biovitskap i 2024.

Evalueringa for Det medisinske fakultet viser at fakultetet samla sett held eit høgt internasjonalt nivå, på tvers av alle institutta. Fleire miljø blei vurdert som «outstanding», mellom anna forskingsgrupper innanfor nyresjukdomar, diabetes, multippel sklerose og kreft, samt innanfor systembiologi og cellesignalering. Komiteane framhevar høg vitenskapleg kvalitet, solid publiseringsaktivitet og god evne til å hente konkurranseutsett finansiering, samt fleire sterke infrastruktursatsingar. Sterke samarbeid med helseføretak og nasjonale og internasjonale partnerar, samt god kopling mellom forskning og utdanning blei også trekt fram. Samstundes blei det gitt konstruktive anbefalingar om vidare strategisk prioritering, rekruttering og langsiktig utvikling av infrastruktur. Funna i evalueringa er følgt opp og blir brukt vidare i utviklingsarbeidet

Evalueringsrapporten for Det psykologiske fakultet framhevar at fakultetet har forskingsgrupper som vurderast som «outstanding», mellom anna innanfor sosiale påverknadsprosessar på ungdomshelse, samt samfunns- og arbeidslivsmangfald. Ifølgje evalueringa er det ein produktiv balanse mellom junior- og seniorforskarar og kjønnsbalansen er god i dei fleste stillingskategorier. Langvarige og strategisk viktige samarbeid, særleg med regionale helseføretak og kommunal sektor, samt internasjonale alliansar for utveksling og prosjektsamarbeid blir også trekt fram. Evalueringsrapporten peikar også på behov for styrka strategisk leiing, auka internasjonalt samarbeid i prosjekt og søknadsarbeid, meir brukarinvolvering og auke i eksternfinansiert forskning. I tråd med anbefalingane utformar fakultetet no ei handlingsplan med fokus på forskingsleiing, kompetanseutvikling, insentiv for samarbeid og auka aktivitet på søknadsutvikling.

Evalueringa av institutta ved NT i 2024 og 2025 viser at fakultetet har sterke fagmiljø, der fleire er vurdert som «outstanding», mellom anna innan geovitskap, biovitskap og matematikk. Komiteane framhevar sterke og kreative fagmiljø med internasjonalt omdøme og god evne til å hente inn ekstern finansiering, samt fagmiljø med langvarige samarbeid med næringsliv. Samstundes peiker komiteane på behov for å arbeide strategisk i møte med endra rammer, fokus på kjønnsbalanse og viktigheita av tilgang til forskingsinfrastruktur.

Som ledd i oppfølginga av dei ulike fagevalueringane lyste Forskningsrådet i 2025 ut midlar til å etablere nye forskarskular. Kjemisk institutt og Institutt for informatikk fekk to av dei fire forskarskulane som blei tildelt nasjonalt. Fakultetet fekk også løyving til to forskarnettverk, mellom anna innan kjemi. Løyvingane er viktig for kjemifaget som i den nasjonale evalueringsrapporten blei vurdert å ha særleg behov for nasjonal styrking. For å oppretthalde konkurranseevna og evna til fagleg utvikling, også under krevjande økonomiske forhold, har fakultetet som mål å vidareføre strategiske avsetningar til posisjonering og fagleg omstilling, inkludert forskingsinfrastruktur. Ei kritisk føresetnad er utviklinga av UiB Realfaghøyden.



I ei tid med meir utfordrande økonomiske rammar er det viktig å oppretthalde vitskapleg kapasitet for alle disiplinær og fagmiljø i organisasjonen. UiB sine BOA-inntekter er difor viktige inntektskjelder. I 2025 er det rekneskapsført 1,275 milliardar kroner i slike midlar. Dette er noko lågare enn i 2023 og 2024. Ei oversikt er gitt i tabell nedanfor.

Tabell 3. Rekneskapsført bidrag- og oppdragsinntekter (BOA) 2021 – 2025

	2021	2022	2023	2024	2025
Forskringsrådet	485	594	593	570	549
EU	148	171	185	209	203
Andre BOA	426	537	572	565	524
SUM	1 059	1 302	1 349	1 344	1 275

Etter nokre år med lågare finansiering av nye prosjekt fekk UiB godt gjennomslag i senterutlysingar og andre verkemiddel frå Forskringsrådet i 2025. Dette gjer at UiB i 2025 hentar det største omfanget av midlar til nye prosjekt i Forskringsrådet nokon sinne, noko som kan gi høve til betring i rekneskapsførte inntekter i åra som kjem. Nye prosjekt får delvis budsjett- og rekneskapsverknad frå 2026.

Det norske og internasjonale forskingssystemet er i endring, og UiB må tilpasse seg for å møte nye utfordringar. I 2023 opplevde UiB eit fall i nye løyvingar frå Forskringsrådet på 85 prosent. Stopp i utlysingar til FRIPRO og tiltak for å redusere mengda søknadar, var den viktigaste årsaka, men UiB hadde også lågare tilslag enn forventa i utlysingane ein deltok i. I 2024 gjenopptok Forskringsrådet FRIPRO-utlysingar, men verdien av den eksternt finansierte verksemda gjekk likevel ned ved UiB for andre år på rad. For å imøtegå denne utviklinga og styrke universitetet si evne til å hente inn eksternt forskingsfinansiering blei rapporten [Styrk UiB](#) utarbeidd. Rapporten peikar ut fem innsatsområde for vekst i forskinga; søknadskultur, mobilisering, bruk av insentiv, administrativ støtte og strategisk arbeid. Som ein del av oppfølginga av prosjektet skal universitetsleiinga gjennomføre dialogmøte med fakulteta der tema blir korleis ein kan styrke forskingskulturen i breidda av universitetet sine fagmiljø.

Som del av ei nasjonal satsing på kunstig intelligens opna [Nasjonalt senter for kunstig intelligens og læring](#) (AI LEARN). Senteret skal forske på samspelet mellom menneske og kunstig intelligens. Målet er å utvikle ny kunnskap om hybrid intelligens og å skape løysningar som sikrar ei berekraftig, inkluderande og ansvarleg integrering av KI i samfunnet.

Eit anna nasjonalt senter som opna i 2025, [Fagspråksenteret - senter for norsk fagspråk](#), vil samle mange av dei norske språkvitskaplege miljøa i ei storstilt nasjonal satsing dei neste åtte åra. Fagspråksenteret er finansiert av Forskringsrådet som eitt av to nasjonale språksenter.

[New Innovation Centre for Neuroresilience](#) (ICON) fekk i 2025 status som Senter for forskingsdrevet innovasjon (SFI). Senteret skal utvikle nye løysingar for tidleg oppdaging, førebygging og behandling av nevrodegenerative sjukdommar som til dømes Parkinsons sjukdom.



I 2025 blei det og vedteke at [Simula UiB AS](#) skal huse eitt av fire nye nasjonale forskings-senter i kvanteteknologi, finansiert av Forskingsrådet.

Bodil Holst, professor ved Institutt for fysikk og teknologi, vann i 2025 Forskingsrådet sin prestisjefylte innovasjonspris. Ho har utvikla eit breitt spekter av teknologiar frå atom-mikroskop, skismørjing inspirert av isbjørnskinns og ny teknologi som gjer det mogeleg å lage mikroskopiske mønster på overflatar som blant anna databrikker.

UiB har i 2025 prioritert arbeidet med god rekruttering, ordningar for karriereutvikling, forskningsetikk, etablering av forskingssenter, forskingsinfrastruktur og internasjonalt engasjement i arbeidet med å utvikle solid internasjonal forskingskvalitet.

UiB forvaltar store og avanserte forskingsinfrastrukturar som dekker dei fleste fagområde, og alle fakultet har gjennom året oppdatert sine vegkart for investeringar. UiB leiar og deltek som partner i fleire nasjonale og europeiske infrastrukturar. Vegkarta har identifisert store behov for oppgraderingar, samt etablering av nokre nye nasjonale infrastrukturar som må prioriterast no. Gjennom året blei det derfor jobba strategisk og målretta med å utvikle søknader til Forskingsrådet si utlysning av forskingsinfrastruktur av nasjonal betydning i november 2025. UiB koordinerer ni søknader, og er partner i ytterlegare 27. Samstundes har fagmiljø jobba godt med å starte opp prosjekta som fekk tildeling i 2024, då UiB fekk sitt beste gjennomslag for infrastrukturar nokon gong.

Søknadane UiB leier og deltar i har hovudvekt på oppgraderingar av eksisterande nasjonale og europeiske infrastrukturar, inkludert norsk bidrag til samarbeidet i [CERN](#) og oppgraderinga av nasjonal infrastruktur for tungrekning, [SIGMA2](#). Universitetet har også framleis betydeleg gjennomslag i infrastrukturutlysingane i Horisont Europa.

Internasjonalt samarbeid er eit viktig verkemiddel i arbeidet med å utvikle forskingsmiljøa og UiB huser ei rekkje sterke internasjonale fagmiljø med solide koplingar og partnerskap rundt om i verda. Samanlikna med dei andre norske universiteta har UiB ein høgare del internasjonalt samarbeid, målt ved studentutveksling ([Tilstandsrapport for høgere utdanning 2025](#), sampublisering (DBH), prosjektsamarbeid ([Indikatorrapporten](#)) og anna. I ei tid prega av ei rekke globale utfordringar blir det særleg viktig å oppretthalde og utvikle eit breitt internasjonalt kunnskapssamarbeid. Samstundes gjer ein meir krevjande geopolitisk situasjon det nødvendig med sterkare medvit om risiko og plikta til å følge nasjonale retningslinjer i internasjonalt samarbeid.

UiB har i 2025 etablert eit eige [AIS-team](#) (Ansvarleg Internasjonalt Samarbeid) for å støtte tilsette og bidra til at UiB sitt samarbeid internasjonalt skjer på ein måte som både er open og trygg. Dette er nærare omtalt i kapittel 4.7 Tryggleik og beredskap.

Ei nærare omtale av universitetet sitt internasjonale nettverksarbeid er omtalt under mål 2 i utviklingsavtalen.

Formidling av forskingsresultat til fagfellesskapet utgjer ei vesentleg ramme for akademisk arbeid. Vitskapleg publisering inneber at forskingsresultat blir kvalitetsvurderte av fagellar, inngår i forskingsprosessane, og gir grunnlag for formidling av ny kunnskap og dokumenter kompetanse når arbeidet ligg føre.



UiB ligg på eit høgt nasjonalt nivå når det gjeld publisering i dei mest prestisjefylte publiseringsskanalane. Om lag 29 prosent av publiseringa skjer i tidsskrift og forlag på nivå to i den norske publiseringssindikatoren. I den seinaste målinga (2024) oppnådde UiB 3 191 publiseringspoeng, som gjer 1,4 publiseringspoeng per årsverk i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar.

Ei samanlikning av tal frå [Web of Science](#) (WoS) registrert på same dato over to år er ein annan indikasjon på utviklinga i volum i den internasjonale delen av publiseringa. Målingar frå januar 2026 indikerer eit stabilt tal på internasjonale publikasjonar dei siste to åra.

Auka gjennomslag i europeiske og nasjonale konkurransearenaer for eksternfinansiering i verkemidla for framifrå forskning

For UiB er EU sitt forskingsprogram, Horisont Europa, og Forskringsrådet dei viktigaste konkurransearenaene for forskingsmidlar. Denne styringsparameteren omhandlar verkemidla for framifrå forskning innanfor dei to arenaene, medan tematiske forskingsprogram omtalast i neste styringsparameter.

Horisont Europa

Program for framifrå forskning innanfor Horisont Europa omhandlar her stipend frå ERC og MSCA. I 2025 har UiB hatt den høgaste søknadsaktiviteten til ERC nokon sinne. Auken skuldast særleg ERC-Starting Grants, med over 50 prosent fleire prosjektforslag enn i 2024. Det var ingen søknadsrunde for Consolidator grants i 2024, og her har talet på søknader vore noko lågare enn gjennomsnittet for tidlegare utlysingar i rammeprogrammet.

I 2025 fekk UiB tre nye ERC-stipend og totalt har 22 forskarar ved UiB vunne ERC-prosjekt i Horisont Europa i perioden 2021 – 2025. I tillegg til koordinatorprosjekta er UiB deltakar i to prosjekt ved andre institusjonar, og to finansierte prosjekt er overført til andre institusjonar.

Tabell 4. ERC-søknadar etter søknadsår og finansierte prosjekt etter årstal for offentleggjering av vedtak, der UiB er koordinator. (Tal i 1000 euro)

	Søknader					Finansierte prosjekt				
	2021	2022	2023	2024	2025	2021	2022	2023	2024	2025
ERC STG	14	24	8	19	29		4	1	1	
ERC CoG	8	17	22	*	11		2	4	3	1
ERC AdG	6	5	7	11	12				1	2
ERC SyG	1	3	2	5	3				1	
ERC POC	1	2		2	2		2			
TOTALT	30	51	39	37	57	0	8	5	6	3
Kontraktverdi						0	10 584	10 500	12 418	8 473

* Ingen utlysing dette året

Ein stor del av innsendte søknader i 2025 har søkarar med bakgrunn frå [Momentum](#)-programmet, som også har kvalitet i prosjektutvikling som eit av sine hovudmål. I Forskringsrådet sin statistikk (basert på søknader fram til 2023) er suksessraten til UiB på linje med UiO og NTNU. Det er særleg positivt at fleire erfarne forskarar vinn fram i konkurransen om ERC-Advanced grants.



Søknad til MSCA har ei tydeleg auke i 2025 i høve til 2024, men ligg framleis under gjennomsnittet for førre rammeprogram. Talet på søknader blei klart redusert gjennom pandemien, men for PhD-nettverk er deltakinga markert høgare enn ved inngangen til perioden. Resultata er ikkje i samsvar med ambisjonane til UiB og basert på resultata i 2025 skal det innførast ei ny insentivordning for å auke aktiviteten.

Tabell 5. Søknadar etter søknadsår og finansierte prosjekt etter årstal for offentleggjering av vedtak, MSCA*. (Tal i 1000 euro)

	Søknader					Finansierte prosjekt				
	2021	2022	2023	2024	2025	2021	2022	2023	2024	2025
Postdoctor Fellowships (PF)	20	11	21	15	19	9	2	3	6	6
Doctoral Networks (DN)	7	11	17	15	22			2	6	2
Staff Exchange (SE)				1	5				1	1
Cofund		2	1			1		1		
Totalt	27	24	39	31	46	10	2	6	13	9
Kontraktverdi						6 173	454	4 407	5 481	3 266

* Finansierte prosjekt i 2021 er søkt under førre rammeprogram (H2020).

I 2025 fekk UiB tilsegn om færre PhD-nettverk enn i 2024, men oppretthaldt talet på postdoktorstipend. UiB sender færre søknader til ordningane enn dei andre BOTT-universiteta, men suksessraten i postdoktorsøknadane var særst høg i 2025 – over 40 prosent. Det er eit mål å halde kvalitet i søknadene på eit høgt nivå også framover.

Forskningsrådet

Forskningsrådet sine verkemiddel for framifrå forskning omfattar utlysingar som Senter for framifrå forskning (SFF), Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI), forskingsinfrastruktur og FRIPRO.

UiB har mobilisert sterkt til den sjette utlysinga av SFF og fagmiljøa leverte 34 prosjektforslag, ni fleire enn i førre runde (2020). Til same frist var UiB koordinator for ni initiativ til Forskningsrådet sine investeringar i nasjonal forskingsinfrastruktur, jamfør omtale i styringsparameter over. Desse blir behandla i 2026.

UiB leverte fem skisser til den femte utlysinga av SFI i 2024. Tre gjekk vidare til endeleg vurdering, og eit senter fekk melding om finansiering i desember 2025: Innovation Center for Neuroresilience (ICoN), leia av professor Charalampos Tzoulis. I tillegg er UiB partner i eit senter leia av NTNU.

Færre har delteke i FRIPRO-utlysingar i 2025, samanlikna med 2024. UiB sendte 72 søknader, og fekk finansiering på 13 prosjekt, ein viss nedgang i høve til 2024 både med omsyn til søknader og innvilga prosjekt. Grunna løyving til toppforskar-søknad, er finansiert beløp til FRIPRO likevel høgare enn i 2024. Forskningsrådet har ikkje hatt løyvingar til infrastruktur i 2025, noko som gjer at samla løyving er lågare enn i 2024. Ei oversikt er gitt i tabell 6.



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
53582F27458245539C706F4C61C75456

Tabell 6. Søknadar og løyvingar til FRIPRO forskarprosjekt, sentre og infrastruktur (Tal i mill. kroner)

	Søknadar					Finansierte prosjekt				
	2021	2022	2023	2024	2025	2021	2022	2023	2024	2025
Utlysning										
Erfarne forskere	162	130	2	52	35	26	12	0	9	8
Tidlig karriere	42	52	43	27	23	3	2	0	4	1
Internasjonal mobilitet	14	9	1	3	6	0	1	0	1	3
Toppforskere					6					1
Radikale forskningsidéer					2					
Stort, tverrfaglig Forskerprosjekt	27					6				
SFF, SFI, Infrastruktur	8	1	21	5	43	1	2		6	1
Totalt	253	192	67	87	115	36	17	0	20	14
Kontraktverdi nye kontrakter						495	447	0	521	257
- av dette FRIPRO						400	136	0	145	161
- av dette SFF, SFI, infrastruktur						95	311	0	376	96

I tilknytning til FRIPRO har Forskringsrådet utlyst midlar for å rekruttere forskarar utanfor EØS-området. UiB har fått finansiering for fem slike stillingar i 2025. Resultata innanfor FRIPRO innfrir ikkje UiB sine målsettingar. I eit år med stor innsats mot infrastruktur- og SFF-prosjekt, skal den totale søknadsinnsatsen inn mot heile verkemiddelapparatet vurderast. Med verknad for 2026 har UiB sett av midlar som skal bidra til eit ekstra løft for å styrke søknadsaktiviteten retta mot Forskringsrådet sine FRIPRO-program.

Som oppfølging av fagevalueringane innanfor medisin, livsvitenskap, naturvitenskap, matematikk og teknologi har Forskringsrådet utlyst midlar til forskarskular og nettverkstiltak. UiB kom godt ut av desse konkurransane og fekk mellom anna tildelt to av fire finansierte forskarskular.

Auka gjennomslag i tematiske og utfordringsdefinerte utlysingar

Tematiske utlysingar i Horisont Europa

[Global Challenges and European Industrial Competitiveness](#) er EU sin pilar for tematisk og utfordringsdriven forskning (pilar II). Under gjeldande rammeprogram utgjer desse 31 prosent av UiB sine søknader i Horisont Europa. I 2025 blei det fremma 60 søknader til programma under pilar II, det høgaste talet nokon sinne og ei auke på nærare 50 prosent frå 2024. Vedtak om finansiering i 2025 er i hovudsak basert på søknader frå 2024, då det var ein viss nedgang i søkartal. Tre prosjekt har fått finansiering, ein nedgang frå åtte året før, som delvis reflekterer den lågare søknadsaktiviteten i 2024. Men ved utgangen av 2025 var 54 søknader framleis under vurdering.

Det er potensial for auka deltaking i tematiske utlysingar, men fleire fagmiljø peikar på dei administrative kostnadene som ei barriere. Deltaking i dei tematiske utlysingane er også avhengig av at utlysingane er relevante for fagmiljøa, noko som vil variere over tid.



Tabell 7. Søknad etter søknadsår og finansierte prosjekt etter årstal for offentliggjering av vedtak, EU pilar 2 Global challenges. (Tal i 1000 euro)

Klynger	Søknadar					Finansierte prosjekt				
	2021	2022	2023	2024	2025	2021	2022	2023	2024	2025
Health	6	9	28	7	23	2	3	3	2	2
Culture, creativity and inclusive society	5	8	3	7	17		2	1	1	
Civil Security for Society	1		1	3	2		1			
Digital, Industry and Space	1	7	4	4	1				2	
Climate, Energy and Mobility	2	4	7	6	5		2	2	1	
Food, Bioeconomy, Natural Resources	4	6	3	11	12		1	1	2	1
Totalt	19	34	46	38	60	2	11	7	8	3
Kontraktverdi ny kontraktar						1 414	4 937	3 430	6 375	3 482

*Tildelingar i 2021 er basert på søknader frå førre rammeprogram.

Tematiske utlysingar i Forskningsrådet

Relevante søknadstypar frå Forskningsrådet er tematiske utlysingar av forskarprosjekt, forskingssenter og kompetanse- og samarbeidsprosjekt. På same måte som EU sin pilar II, er dei tematiske utlysingane i stor grad prosjekt som blir gjennomførte i partnerskap med forskingsinstitusjonar og aktørar i næringsliv og offentlig sektor. Også her heng deltaking i stor grad saman med tema i utlysingane og dei totale midlane som blir lyste ut.

UiB har delteke med sju søknadar i tre av Forskningsrådet sine tematiske senterutlysingar, og to sentre fekk tildeling i 2025. Dette gjeld *Senter for norsk som fagspråk* og *AI LEARN – Nasjonalt senter for kunnskap og læring*, som begge er omtalt under styringsparameter ovanfor. I tillegg blei det vedteke at Simula UiB skal huse eit av fire nye nasjonale forskings-senter i kvanteteknologi, finansiert av Forskningsrådet. I 2025 blei UiB også del i det nasjonale Kvantekonsortiet Norsk kvanteklynge.

Søknad til tematiske utlysingar av forskarprosjekt ligg på om lag same nivå som i 2024, medan søknad til kompetanse- og samarbeidsprosjekt (KSP) har auka betydeleg, frå 11 i 2024 til 25 i 2025. Sju KSP fekk støtte i 2025 mot fire i 2024, medan seks forskarprosjekt blei finansierte, tre mindre enn i 2024.

Tabell 8. Søknadar og løyvingar til tematiske utlysingar i Forskningsrådet (Tal i mill. kroner)

Søknadstype	Søknadar					Finansierte prosjekt				
	2021	2022	2023	2024	2025	2021	2022	2023	2024	2025
Forskerprosjekt	34	55	66	44	48	4	11	3	9	6
Kompetanse- og samarbeidsprosjekt	20	24	8	11	25	7	7	1	4	7
Sentre	1	1	2	1	7		1			2
Totalt	55	80	76	56	80	11	19	4	13	15
Kontraktverdi ny kontraktar						151	245	46	142	425
- av dette sentre							21			280
- av dette forskerprosjekt/ksp						151	224	46	142	145



Utvikle arbeidet med rekruttering og god karriereutvikling for vitenskapelig tilsette

UiB har tydelege ambisjonar om auka søknadsaktivitet og tilslag på søknadar om ekstern finansiering. UiB her derfor over tid utvikla ei rekkje tiltak retta mot kompetanseutvikling for forskarkarrierar blant tilsette, og i 2025 er det starta opp nye kurstilbod retta mot søkarar til ERC Starting Grants, forskargruppeleiarar og prosjektleiarar.

ERC Starting Grant Development Programme tok opp sitt andre kull i 2025. Målet er å auke talet på ERC Starting Grant-søkarar frå UiB, bygge kompetanse og styrke konkurransekraft i søknader. I oktober sendte UiB inn 29 Starting Grant-søknader, ei auke på 53 prosent frå året før.

[Program for forskingsleiing](#) blei gjennomført for andre gong hausten 2025 med 23 deltakarar.

[TMF-UiB karriereprogram](#) blei grunnlagt i 2019 og er inne i sin andre prosjektperiode (2023–2026). Karriereprogrammet er samfinansiert med Trond Mohn forskingsstifting (TMF) for kandidatar ved UiB som har motteke TMF Starting Grant. Det overordna målet med karriereprogrammet er å hjelpe kandidatane med å bygge ei god forskarkarriere ved UiB gjennom å gi innsikt i forskingsgruppeleiing, strategisk organisering av aktivitetar, eksternfinansiering og andre viktige aspekt. Sidan 2007 har til saman 56 forskarar motteke slikt stipend, og 14 mottakarar følgde karriereprogrammet i 2025.

[Momentum](#) er UiB sitt karriereutviklingsprogram for yngre, framifrå forskarar som ønsker ein akademisk karriere. I august 2025 starta det sjuande kullet i programmet, med 17 kandidatar frå sju fakultet. I tillegg til opplæring, disponerer deltakarane eit stipend til driftsmidlar. For 2026 planleggast ei utviding av programmet til 24 deltakarar.

[UiB Ferd karrieresenter for yngre forskarar](#) utfyller UiB sin portefølje av tilbod innanfor karriereutvikling for vitenskapelig tilsette. Tilbodet skal komplettere karriereprogramma som er retta mot utvalde kandidatar. UiB Ferd leverer kurs med fokus på medvit og kompetanse for karrierebygging både i og utanfor akademien. I tillegg tilbyr UiB Ferd karrieresamtalar og ein nettportal som samlar informasjon om relevante kurs og workshopar for målgruppa yngre forskarar.

UiB sin status som [HR Excellence in Research](#) syner at UiB jobbar systematisk for å vidareutvikle vitenskapelige tilsette sine arbeidsvilkår og gi god støtte til den enkelte i sin karriere. Arbeidet bygger på European Charter for Researchers. Ved utløpet av 2025 ventar UiB på tilbakemelding frå Kommissjonen om evaluatorar og dato for digitalt *site visit* i samband med resertifiseringa.

UiB er også i gang med å rulle ut ein oppdatert plan for stipendiatane sine karriereplanar, i tråd med UH-forskrifta sine føresegnar om vilkår for rekrutteringsstillingar. Planane heng godt saman med tilbodet som UiB elles har for karriereutvikling og rettleiing gjennom UiB Ferd – karrieresenter for yngre forskarar. I 2025 disputerte 218 kandidatar ved UiB. Dette er litt lågare enn gjennomsnittet dei siste åra.



PhD-kandidatane bidreg med store delar av den forskinga som skjer ved universiteta. Resultata frå arbeidet under forskarutdanninga fører i hovudsak til internasjonale publikasjonar. UiB har gjennomført analyser som viser at rundt 30 prosent av publikasjonane ved UiB er gjort av PhD-kandidatar.

Litt over 40 prosent av PhD-kandidatane ved UiB har utanlandsk statsborgarskap. Sjølv om ein del forlèt landet etter enda utdanning, held dei fram med å vere sentrale i vidareutviklinga av universitetets internasjonale nettverk og samarbeid. Dei som blir verande styrker akademia, næringsliv og offentleg forvaltning. Skal Noreg lukkast med å betre konkurransekrafta, er næringslivet avhengig av å styrke forskingskompetansen. Som forskingsuniversitet er UiB særleg oppteken av å oppretthalde talet på PhD-stillingar. UiB er likevel urolege for at kutta i basisløyvingane i sektoren, saman med fjerning av måltal for rekrutteringsstillingar, vil føre til reduksjon i talet på doktorgrader i Noreg.

Auka vektlegging av forskningsetikk og redelighet i breidda av UiB sin verksemd

Forskingsetikk er eit grunnleggande premiss for all forskning ved UiB. Forskingsmetodar er under stadig utvikling, rammevilkår endrar seg og skaper nye etiske utfordringar. Det er difor nødvendig med ei vedvarande merksemd om forskningsetikk i forskarfellesskapa.

UiB sitt redelighetsutval skal bidra til å fremme god forskingsskikk gjennom faglege arrangement med dagsaktuelle forskningsetiske problemstillingar. Det skal også behandle saker om moglege brot på anerkjende forskningsetiske normer.

I 2025 er utvalet sitt mandat og samansetning gjennomgått og endra for at utvalet skal ha ei meir uavhengig rolle i organisasjonen.

Forskingsetikk blir aktualisert mellom anna gjennom opplæring og måtar å melde frå om mistanke om moglege brot på normer for forskningsetikk. UiB arrangerer også ein årleg Forskingsetisk dag. Arrangementet i 2025 tok opp problemstillingar kring kunstig intelligens. Det samla over 150 deltakarar, og evalueringa i etterkant viste svært gode tilbakemeldingar.

I tillegg til å handsame saker har redelighetsutvalet delteke på sju arrangement, mellom anna i regi av Det Norske Videnskaps-Akademi og Dei nasjonale forskningsetiske komiteane. Tema i arrangementa har vore forskningsetikk, plagiat og kunstig intelligens.

Oppsummering av mål 1

UiB har tydelege ambisjonar om auka søknadsaktivitet og tilslag på søknadar om ekstern finansiering. UiB har enno ikkje nådd dette målet innanfor verkemidla for framifrå forskning. Rett nok har det vore ei gledeleg og tydeleg auke i talet på ERC Starting Grant søknader, men ein ser ikkje den ynskjelege auka i søknader til dei andre ERC-stipenda, MSCA-programma eller FRIPRO i Forskningsrådet. Tala er noko betre for tematiske utlysingar både i EU og Forskningsrådet – men også her har UiB mål om ytterlegare betring.

Tala for 2025 viser at UiB har oppnådd færre finansierte prosjekt knytt til utlysingar for eksternt finansiert verksemd i 2025 innanfor ordningane for framifrå forskning, samanlikna



med 2024. Samstundes er det ei auke i søking og gjennomslag i Forskningsrådet si utlysning av SFF og EU starting grant. Dette, saman med fokuserte tiltak retta mot dei andre søknadskategoriene, gjer at ein forventar auka søknadsaktivitet og gjennomslag i ordningane dei neste åra.

Gjennomslag i senterutlysingar og andre verkemiddel gjer at UiB i 2025 hentar det største omfanget av forskingsmidlar frå Forskningsrådet nokon sinne. Dette kan gi høve til betring i rekneskapsførte inntekter i åra som kjem – knytt til senter og prosjekt med oppstart i 2025 og 2026, men UiB er likevel avhengig av ei auke i talet på FRIPRO-prosjekt i dei komande åra. Nyleg igangsette øymerka tiltak vil venteleg legge til rette for dette.

Innanfor EU-finansiert forskning vil nedgangen i rekneskapsførte inntekter og løyvingar i 2025 kunne balanserast med ny auke i 2026, grunna veksten i søknadar i 2025 for nokre av søknadskategoriene. Det krevst likevel eit vedvarande fokus for å legge til rette for auka søknadsomfang og gjennomslag innanfor alle ERC-kategoriene. Som ledd i dette arbeidet har UiB nyleg igangsett øymerka tiltak retta mot auka søknadsaktivitet knytt til MSCA-Postdoctoral Fellowships.

I tillegg til omtalte tiltak, vil vidare oppfølging av Styrk UiB venteleg også styrke universitetet si evne til å hente inn ekstern forskingsfinansiering. Dei nye kurstilboda for å styrke arbeidet med rekruttering og karriereutvikling har blitt godt motteke og dette arbeidet vidareutviklast med fokus på konseptutvikling - samt kulturbygging for deling og rådgiving i og mellom forskingsgrupper.

Mål 2: Utdanne kandidatar som kan forme morgondagens samfunn, arbeids og næringsliv med perspektiv frå ulike fagområde

UiB tilbyr forskingsbaserte utdanningar av høg kvalitet. Den store faglege breidda er eit sentralt fortrinn for universitetet og for studentane, som får høve til å kombinere fag og utvikle perspektiv på tvers av disiplinær. UiB legg vekt på solid kunnskap og på å utvikle studentane si sjølvstende, samarbeidsevner, vitskapleg metodeforståing, kritisk tenking og kreativitet.

I 2025 har UiB vidareført arbeidet med å sikre god tilgang til utdanning og relevant kompetanse, og har samstundes utvikla tilbodet innanfor vidareutdanning i tråd med samfunnets behov.

Styringsparameterar

- Oppretthalde forskingsbaserte utdanningar over ei stor fagleg breidd.
- Vidareutvikle studieløpa slik at dei gir større moglegheiter for fagleg breidd i gradene.
- Auke utdanningskvaliteten og styrke arbeidet med studentaktiv læring og varierte undervisnings og vurderingsformer.
- Styrke tilbodet av livslang læring gjennom forskingsbaserte og fleksible etter og vidareutdanningar.
- Utvikle europeiske nettverk og alliansar for å styrke internasjonal profil og kompetanse.



Oppretthalde forskingsbaserte utdanningar over ei stor fagleg breidd

UiB forvaltar og vidareutviklar eit breitt spekter av fagområde, og har i 2025 vidareført ambisjonen om å tilby utdanning i heile breidda av universitetet sin profil. Studieprogramma er forskingsbaserte i innhald og metode og studentane blir underviste av aktive forskarar. UiB arbeider systematisk med å utvikle kvaliteten i utdanningane, med stadig strammare økonomiske rammer. UiB har ei stor fagleg breidd, som inkluderer små og sårbare fag som er viktige for den nasjonale kunnskapsberedskapen. Universitetet sin interne finansieringsmodell er utforma for å ivareta desse faga gjennom ei målretta finansieringsordning som motverkar svekking av fagmiljøa. UiB vil søke samarbeid om desse faga med relevante institusjonar for å sikre god kvalitet og utvikling.

Arbeidet med heilskapleg porteføljestyring er styrkt ved at fakulteta oppdaterer langsiktige faglege planar i tråd med det reviderte kvalitetssystemet for utdanning. Dette er del av ein omfattande porteføljerevisjon som sikrar at studietilbodet er berekraftig, relevant og av høg kvalitet, samstundes som den faglege breidda blir oppretthalden. Tiltaka omfattar dimensjonering av program og betre utnytting av eksisterande ressursar. Eit av fleire verkemiddel er større grad av samkøying mellom emne på tvers av program, for slik å sikre berekraft i emneporteføljen.

Rekrutteringa har vore følgt tett gjennom året. Utviklinga i ungdomskulla og nasjonale søketrendar påverkar opptaket ulikt mellom fag og fakultet. I 2025 hadde UiB om lag 11 400 førstevalssøkarar til 4 300 studieplassar på grunnstudia. Plassane blei fylde, og totalt møtte 4 600 studentar – det vil seie 1,1 student per studieplass. Det er likevel utfordringar knytt til søknadstala innanfor dei humanistiske faga.

Rekruttering av studentar til masterutdanningane har vore eit tydeleg satsingsområde i 2025, og det er gjennomført fleire målretta tiltak for å styrke tilgangen på kvalifiserte søkarar og auke oppmøtet ved studiestart. Arbeidet har gitt gode resultat: Søkinga til dei toårige masterprogramma auka vidare frå året før, og til haustsemesteret møtte 1 290 studentar til dei 1 239 utlyste studieplassane.

Ei utfordring er knytt til opptak av studentar frå land utanfor EU/EØS. Her har UiB hatt ei nedgang frå om lag 100 til omlag 30 studentar, der dei fleste av dei 30 studentane har stipend frå NORSTIP, eller har fritak for studieavgift. Ei sentral årsak til ein nedgangen er knytt til innføring av studieavgift i 2023. Utanriksdepartementet (UD) har no vedtatt at det ikkje skal lysast ut nye NORSTIP-stipend med budsjettverknad frå 2026. Dette er venta å gje ytterlegare nedgang i studenttalet.

Ei følge av endringane er at fleire fagmiljø i større grad rettar rekrutteringa mot Europa og Norden. For enkelte fagmiljø, særleg dei med ein profil mot det globale sør, er ikkje dette en naturleg målgruppe. Manglande rekruttering av studentar vil vanskeleggjere forskings- og utdanningssamarbeidet med universitet i desse landa, svekke etablerte nettverk og i verste fall redusere tilgangen til viktige forskingsdata.

UiB har ein godt dimensjonert studieportefølje. Hausten 2025 viser møtt tala at UiB fyller dei overordna opptaksramane sine for det inneverande studieår. Innanfor bachelor og to-årige masterprogram møtte om lag 360 fleire studentar enn i 2024.



I løpet av året har det vore gjennomført opptak til 192 ulike studieprogram, der meir enn halvparten er på master- og profesjonsnivå. I tillegg kjem kortare kurs og etter- og vidareutdanningar. Samstundes blir studietilbodet vidareutvikla for å sikre stabil utdanningsaktivitet og god kapasitetsutnytting. I 2025 er det etablert to nye studieprogram på masternivå, kvanteteknologi og erfaringsbasert master i undervisning om kontroversielle tema. Gjennomførte revisjonar på eksisterande program har tydeleggjort forskingskoplinga og styrkt arbeidslivsrelevansen.

Lektorutdanningane er følgde opp i tråd med nasjonale anbefalingar. Erfaringane frå første kull med ny studie og emneplanstruktur er brukte til målretta justeringar, og Lektorsenteret har halde fram som koordinerande eining for heilskap og profesjonstilknytning. Ei evaluering av lektorsenteret starta opp i 2025 og skal ferdigstillast våren 2026.

UiB sikrar at utdanningane er forankra i forskning gjennom strategiske satsingar på utdanningsforskning og ved å integrere studentane i forskingsprosessar frå tidleg i studieløpet. Universitetet har styrkt kapasiteten innanfor disiplinbasert utdanningsforskning for å sikre at undervisningsmetodar er forskingsbaserte og bidreg til ein kollegial kultur for kvalitetsutvikling. Etableringa av [Forskingscenter i realfagslæring](#) (SERC) er eit døme på ei slik satsing. Senteret har som hovudmål å styrke studentane si gjennomføring i realfagsstudia gjennom forskingsbaserte metodar, og er unikt i Noreg og eitt av svært få tilsvarande senter i Skandinavia. Ambisjonen er å posisjonere seg som ein leiande aktør i Europa innanfor disiplinbasert utdanningsforskning. Senteret fungerer som ein langsiktig hub for utvikling av undervisningsmetodar i tett samspel mellom undervisarar og forskarar. Dette har mellom anna resultert i eit fakultetsdekkande postersymposium der studentar får praktisk erfaring med forskingsprosessar og formidling, noko som styrker ferdigheiter og arbeidslivsrelevans og spreier gode undervisningspraksisar på tvers av institutt.

Gjennom seminarseriar som «Moglegheitsreisa» ved Det medisinske fakultetet, der forskarar presenterer forskinga si for studentane, blir forskingsfronten synleggjort. Det er samstundes ei tydeleg satsing på medisinsk og helsefagleg pedagogisk forskning, med brei konferansedeltaking og aktive forskingsgrupper som søker nasjonale og internasjonale midlar til utdanningskvalitet, noko som dokumenterer forskingsbasert forankring også i profesjonsretta studium.

Vidareutvikle studieløpa slik at dei gir større moglegheiter for fagleg breidd i gradene

UiB sin store breidd gjer det mogleg for studentane å tileigne seg kunnskap frå ulike fagområde og møte problemstillingar frå fleire perspektiv. Bredda bidreg også til auka arbeidslivsrelevans og fungerer som støttefag for spesialisering og vidare studiar.

Studieløpa blir vidareutvikla både gjennom strukturendringar og samundervisning som opnar for fagleg breidd og effektiv ressursbruk. Det humanistiske fakultet går gjennom studieportefølje si og utviklar samarbeid på tvers av fagmiljøa. I realfaga er felles førsteårsemne, særleg innanfor matematikk og informatikk, under revisjon. Målsettinga er å styrke gjennomføringa og kvaliteten i studieemne som mange studentar møter tidleg i studieløpet.



Fleirfaglegheit blir også integrert gjennom emne og emnepakkar. Døme på dette er danningsemne, berekraftsemne og emne i digital forståing, kunnskap og kompetanse ([DIGI-emne](#)). Emna er tilgjengelege for alle UiB sine studentar og tilsette, uavhengig av studieprogram og progresjon, og gir rom for å ta opp tema som er relevante for alle fagområde. Undervisninga er tilrettelagd slik at emna kan takast ved sidan av ordinære studium, og fleire institusjonar har vist interesse for å tilby dei til eigne studentar. Som pilotordning kunne også studentar ved Høgskulen på Vestlandet og Fagskulen Vestland ta DIGI-emne i 2025.

UiB ønsker å bevare studentane si valfridom til å ta emne på tvers av fag, institutt og fakultet, og har valt å vidareføre insentiv i finansieringa for å oppretthalde denne fleksibiliteten. Ved enkelte utdanningar blir det no bygd inn krav om at bachelorstudentar må ta minst 30 studiepoeng utanfor eiga spesialisering for å styrke breidda i utdanninga og sikre betre utnytting av emneporteføljen. Fleire fakultet utviklar tilrådde emnepakkar som kan styrke arbeidsrelevansen, fungere som støttefag til spesialiseringa eller bidra til å bygge generiske ferdigheiter som er etterspurde i arbeidslivet. Desse pakkane kan også gjere det enklare for studentar å kvalifisere seg til fleire masterprogram.

Auke utdanningskvaliteten og styrke arbeidet med studentaktiv læring og varierte undervisnings og vurderingsformer

I 2025 er det oppnådd betydelege forbetringar i studentane si gjennomføring, særleg på bachelornivå. Delen studentar som fullfører bachelorgraden på normert tid har auka markant, frå 37 prosent i 2015 til 50 prosent i 2025. For masterprogramma ligg gjennomføringa no på 63 prosent, medan integrerte masterprogram har ein fullføringsgrad på 50 – 55 prosent innan fem år. Legg ein til eitt år, stig gjennomføringa for dei lange studieprogramma til 70 – 80 prosent. Den positive utviklinga viser at systematisk arbeid med undervisningskvalitet, læringsmiljø og studentoppfølging gir målbare resultat.

Analysar viser at fråfallet er størst mellom første og andre studieår, særleg på bachelorprogramma, sjå tabell 9 under. Historisk har så mykje som 30 – 35 prosent av bachelorstudentane slutta i løpet av, eller etter første studieår. For 2024-kullet er denne delen redusert til 25 prosent, samstundes som delen studentar med full studieprogresjon (60 studiepoeng) har auka til 59 prosent. Delen studentar som ikkje tek studiepoeng det første året, er redusert til elleve prosent. Det er likevel forskjellar innanfor dei ulike fagmiljø ved UiB. Slike forskjellar understrekar behovet for målretta tiltak tilpassa faglege og strukturelle forhold.

Tabell 9. Førsteårsindikatorar, bachelorstudentar, UiB. Årstal er studentanes startkull. Kilde: STAR/FS

	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Fråfall etter første semester	13 %	11 %	12 %	11 %	10 %	9 %
Fråfall etter første år	30 %	30 %	32 %	27 %	26 %	25 %
Studiepoeng første året etter opptak (gjennomsnitt)	42,9	45,1	41,7	43,9	45,2	46,7
Del av studentane utan utan studiepoeng første år	15 %	13 %	15 %	13 %	12 %	11 %
Del av studentane med full studieprogresjon første år	51 %	55 %	46 %	51 %	54 %	59 %



Forbetringane i gjennomføring reflekterer målretta arbeid i fagmiljøa. Tiltak som mentorordninga, der nye studentar får kontakt med erfarne medstudentar, har vist seg å vere effektiv. Tett oppfølging av studentar, obligatoriske øvingar med tilbakemeldingar og auka bruk av seminarundervisning der seminarleiarane også fungerer som mentorar, har bidrege til betre overgang inn i studieløpet og eit meir forpliktande læringsmiljø. UiB har også tilrettelagt for fleire studentarbeidsplassar. Tal frå [Studiebarometeret 2025](#) kan tyde på at tiltaka har vore vellukka. Rapporten viser at fleire studentar no brukar campus dagleg og at tala er godt over gjennomsnittet i sektoren. Det er ei prioritert målsetting å auke denne delen ytterlegare.

Trass forbetringane er delen av studentane som fell av etter første studieår framleis for høg. I tida framover vil UiB derfor intensivere innsatsen for å styrke studentane si kjensle av tilhørsle og meistring, med særleg vekt på det første studieåret.

Arbeidet tek utgangspunkt i kvalitetsomgrepet i universitetet sitt kvalitetssystem for utdanning, med vekt på tiltak som aktiviserer studentane i læringsarbeidet, sikrar studentmedverknad, fremme kollegialt samarbeid om utdanning, og syte for kunnskapsbaserte tilnærmingar og fagtilpassing.

Arbeidet skal bygge vidare på gode erfaringar med tiltak som for eksempel [Mattestova](#) ved Fakultet for naturvitskap og teknologi, og det blir lagt vekt på å sikre at gode praksisar blir delte på tvers av fagmiljø og fakultet. Samstundes arbeider fagmiljøa med å ta i bruk læringsteknologi og kunstig intelligens for å støtte læringsprosessen, særleg når det gjeld tilbakemeldingar og vurderingsstøtte.

Kvart år lyses det ut midlar for kvalitetsutvikling i utdanningane. For 2026 er det løyva midlar til satsinga på førsteårsstudenten, med ein ambisjon om å redusere fråfallet tidleg i studia ytterlegare.

Arbeidet med gjennomføring handlar ikkje berre om å få fleire studentar til å fullføre på normert tid, men om å sikre kvalitet i utdanningane gjennom betre læringsmiljø, tettare oppfølging og systematisk undervisningsutvikling. Målet er at studentane skal lukkast i studia sine, og satsinga på førsteårsstudentane spelar ei avgjerande rolle i å legge grunnlaget for dette.

Hausten 2025 blei det innført eit nytt og heilskapleg femte studieår i mastergradsprogrammet i jus. Dette inneber ei omfattande fagleg og pedagogisk utvikling, med nye fordjupingsemne, emnet Juridiske utgreiingar, og eit styrkt masteropplegg. Eit viktig grep i det nye masteropplegget er å integrere kunstig intelligens som ein del av den faglege refleksjonen. Studentane skal utfordrast til å teste og justere problemstillingane sine i lys av KI-verktøy, og på den måten utvikle ei kritisk forståing av teknologiens rolle i juridisk metode og analyse. Frå hausten 2025 er det også innført munnleg forsvar av masteroppgåva.

UiB har styrkt satsinga på *studentaktiv læring* som ein sentral del av kvalitetsarbeidet. Det skjer no ei dreining bort frå tradisjonelle forelesingar og over mot meir varierte og aktive læringsformer, også i program med store studentkull. Dette omfattar seminarundervisning,



gruppebaserte oppgaver, teambasert læring, rollespel, praktiske øvingar og forskingsnære aktivitetar. Fleire program tek i bruk løpande vurdering og praktiske oppgaver som alternativ til tradisjonelle eksamenar. Bestått/ikkje bestått blir brukt der det er fagleg hensiktsmessig, og større slutteksamenar blir reduserte til fordel for meir undervegsvurderingar. Studentane får oppgaver som liknar reelle situasjonar, til dømes ved Det juridiske fakultet, der studentane lærer gjennom å skrive forvaltingsvedtak basert på realistiske dokument og handsame saker som medlemmar av Forbrukarklageutvalet. Digital responsbruk, interaktive førelesingar og dialogbaserte undervisningsformer blir også teke i bruk. På medisinstudiet er bestått/ikkje bestått no innført i alle emne, og nye vurderingsformer er ein del av arbeidet med fleircampusmodellen.

Studentaktive undervisnings- og vurderingsformer har hatt positiv effekt på studentane sitt engasjement, trivsel og progresjon, og bidreg til å bygge ein kultur for aktiv læring og kvalitetsutvikling. Som ein sentral del av dette arbeidet har UiB styrkt satsinga på kompetanseutvikling for undervisarar, med brei pedagogisk utviklingsaktivitet, etablering og vidareutvikling av pedagogiske akademi, meritteringsordningar og faglege møteplassar. Ei rekkje undervisarar er meritterte, og årlege undervisarseminar og faglege samlingar gir arenaer for erfaringsdeling og utvikling av nye undervisningsformer.

Kompetanseheving innanfor digital undervisning og ansvarleg bruk av kunstig intelligens har fått stor merksemd, med workshopar, faglege innlegg og integrering av KI-tematikk i emne. Fagmiljøa testar aktivt korleis KI kan brukast i vurdering og tilbakemelding. Samstundes deltek fagmiljøa i nasjonale og internasjonale nettverk og konferansar innanfor pedagogisk forskning, noko som styrker koplinga mellom utdanning og forskingsbasert praksis.

Det arbeidast breitt med å bygge ein kollegial kultur for undervisningskvalitet, med vekt på forskingsbasert undervisning, digital kompetanse og studentaktive metodar. Kompetanseutvikling framstår som ein nøkkelfaktor for å realisere UiB sine ambisjonar om utdanning av høg kvalitet og for å møte nye krav til fleksibilitet, relevans og varierte læringsformer.

Styrke tilbodet om livslang læring gjennom forskingsbaserte og fleksible etter- og vidareutdanningar (EVU)

UiB sitt tilbod innanfor EVU er i første rekkje retta mot vidareutdanning, der UiB har hatt ein markant vekst dei siste åra. Mengda vidareutdanningsemne har auka frå 66 i 2020 til 117 i 2025, og studenttalet har hatt ein endå sterkare vekst, med meir enn 140 prosent auke i same periode. I 2025 deltok for første gong over 5 000 studentar på eit av UiB sine EVU-tilbod.

Inntektene frå vidareutdanning utgjorde 78 millionar kroner i 2025, fordelt på studieavgifter, studiepoengbaserte tilskot, oppdragsfinansiering og bidrag frå eksterne aktørar. Denne samansette finansieringsstrukturen gir UiB eit robust grunnlag for vidare satsing og gjer det mogleg å utvikle tilbod som kombinerer høg akademisk kvalitet med arbeidslivet sine behov.



Sidan 2020 har UiB etablert ein etterspurd og populær portefølje av erfaringsbaserte masterprogram, mellom anna innanfor kommunal leiging, operativ leiging og myndigheitsutøving, krisepsykologi, undersøkende journalistikk og offentleg forvaltning. Det er også nye program under utvikling på område med stor samfunnsrelevans, som fornybar energi, undervisning i kontroversielle tema og læring om samspel mellom menneske og KI. Dette viser korleis UiB nyttar si store faglege breidd og forskingskompetanse til å møte framtidige kompetansebehov.

Det vidare potensialet ligg i å styrke EVU-tilboda gjennom fleksible undervisningsmodellar, både nettbaserte, samlingsbaserte og kombinerte løysingar, samt utvikling av emnepakkar og tverrfaglege tilbod. Gjenbruk av emne frå ordinære studium vil også vere eit viktig verkemiddel. Langsiktige og formaliserte samarbeid med eksterne partnerar vil vere avgjerande for å sikre relevans og berekraft i tilbodet.

Fleksibilitet og profesjonalitet er viktig for å lykkast med vidareutdanning. Det gjeld uavhengig av om undervisninga er nettbasert, samlingsbasert eller ein kombinasjon. Derfor arbeider UiB med å bli endå betre på praktisk tilrettelegging for vidareutdanningsstudentar, og sikre eit tilstrekkeleg høgt administrativt «servicenivå» på vidareutdanningane. [Læringsarenaen i Nygårdsgaten 5](#), der det er tilrettelagde undervisningslokale og svært gode fasilitetar for UiB sine etter- og vidareutdanningsaktivitetar, har bidrege til å gjere universitetet meir profesjonelt og attraktivt på dette området.

Utvikle europeiske nettverk og alliansar for å styrke internasjonal profil og kompetanse

I ei geopolitisk krevjande tid blir arbeidet med internasjonale partnerskap og alliansar særleg viktig. I 2025 har UiB intensivert sitt arbeid med dei institusjonelle europeiske universitetsalliansane COIMBRA og CHARM-EU, og leia arbeidet på norsk side med den nye norsk-britiske alliansen North Sea University Partnership (NSUP).

Coimbra Group har som hovudmål å fremme akademisk samarbeid mellom medlemsuniversiteta og legge til rette for internasjonalt samarbeid i og utanfor Europa til nytte for medlemsuniversiteta. UiB har vore medlem av Coimbra Group-nettverket sidan 1995. Frå 2025 deltek UiB i Coimbra Group sitt stipendprogram som legg til rette for at unge forskarar utanfor EU kan utføre deler av forskinga ved et Coimbra Group universitet. Deltaking i programmet er eit verkemiddel for å auke fokus på Afrika.

CHARM-EU er ein del av EU-initiativet *European Universities*, som famnar om 65 alliansar med over 600 universitet. CHARM-EU kombinerer utdanning, forskning, innovasjon og samfunnsbidrag, og legg til rette for mobilitet og utvikling av felles utdanningsmodellar.

Ein viktig milepæl er oppstarten av fellesgraden *Master's in Global Challenges for Sustainability* hausten 2025. UiB skal ta imot dei første studentane i Bergen våren 2026 og har etablert eit dedikert hybrid undervisningslokale som skal støtte undervisning og samhandling på tvers av partneruniversiteta. Studentane vil ha både fysisk og hybrid



undervisning saman med studentar ved dei andre campusane. Det blir også tilsett eigne undervisningsassistentar som skal bidra til at undervisninga går smidig og til å integrere studentane i det lokale studentmiljøet.

UiB har bidrege med nettbaserte emne i CHARM-katalogen hausten 2025 og vil også tilby emne våren 2026. Emne frå partneruniversiteta blir breitt marknadsførte på UiB, og søkar-tala har auka kvart semester. UiB har også prioritert CHARM-institusjonar i Erasmusstøtta tilsettmobilitet og i universitetet si eiga *Staff Mobility Week*, som neste gong blir arrangert i 2026.

For neste prosjektperiode (2027–28) har UiB spela inn prioriteringar som omfattar styrkt fagleg samarbeid om demokrati, akademisk fridom og integrering av KI og digital teknologi i utdanningane. UiB ønsker også å prioritere vidareutvikling av felles emnekatalog, samt styrkt mobilitet og kompetanseheving for tilsette. Utlysinga for 2027–28 har eit tydeleg fokus på oppskalering og meir straumlinjeforma aktivitetar på tvers av partneruniversiteta.

NSUP-nettverket samlar norske og nordengelske universitet. Partnerskapet er ein arena for felles initiativ innanfor utdanning, forskning og innovasjon, og har i 2025 vore brukt til å identifisere nye samarbeidsområde og utvikle prosjekt knytt til grøn omstilling og havforskning.

Målt i delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+, er UiB det norske universitetet med høgast grad av internasjonal mobilitet. I 2025 reiste 1 169 studentar på utveksling – det høgaste talet i UiB si historie – og 1 493 innreisande studentar kom til Bergen. Totalt hadde 22 prosent av ferdige kandidatar gjennomført eit utvekslingsopphald i løpet av studietida. UiB har dermed ein sterk posisjon som attraktivt studiestad, både nasjonalt og internasjonalt. Den omfattande mobiliteten stiller store krav til effektive prosessar og gode digitale løysingar.

I 2025 har UiB fått medfinansiering frå Digitaliseringsdirektoratet til prosjektet [UiB Atlas](#), som skal modernisere og effektivisere heile mobilitetsprosessen – frå planlegging til oppfølging. Prosjektet utviklar ei heilskapleg digital plattform som set studenten i sentrum og gir brukartilpassa, sjølvbetente løysingar. Løysinga skal støtte heile mobilitetsreisa, inkludert søknad, val av lærestad, emneplanlegging, godkjenning og rapportering. Studenten får betre oversikt og føreseielegheit i ei løysing som ivaretek personvern og gir tilgang til relevante tenester til rett tid.

Plattformen vil også inkludere KI-basert rettleiing og sjekklister via [UiBtreet](#) (studentdashbord), noko som reduserer behovet for manuell rettleiing og frigjer tid for studierettleiarar. UiB Atlas er såleis eit viktig steg i universitetet sitt arbeid med digital omstilling og internasjonalisering, og vil bidra til ei meir effektiv, standardisert og heilskapleg forvaltning av studentmobilitet.



Oppsummering av mål 2

UiB har i 2025 vidareført arbeidet med å kombinere fagleg breidd, forskningsbasert undervisning og strategisk utvikling av studieporteføljen. Revisjonen av kvalitetssystemet har gitt betre oversikt og lagt til rette for ein kultur der kvalitetsutvikling står i sentrum. Porteføljestyring er etablert som eit strategisk verkemiddel for å balansere kvalitet, fagleg breidd og økonomisk berekraft.

Gjennomføringa i studieprogramma viser framleis ei positiv utvikling, særleg på bachelornivå, der delen som fullfører på normert tid har auka til 50 prosent. Det har vore gjennomført tiltak retta mot førsteårsstudentane, som mentorordningar, lågterskeltilbod og auka bruk av studentaktive læringsformer. Variasjon i undervisnings- og vurderingsformer, inkludert meir bruk av formative vurderingar og forskingsnære aktivitetar, styrker både læringsutbyte og arbeidslivsrelevans. Kompetanseutvikling for undervisarar er prioritert gjennom meritteringsordningar, pedagogiske akademi og opplæring i digital undervisning og ansvarleg bruk av kunstig intelligens.

Satsinga på livslang læring har gitt betydeleg vekst. Talet på vidareutdanningsemne er nesten dobla sidan 2020, og studenttalet har auka med over 140 prosent. UiB har etablert ein portefølje av erfaringsbaserte masterprogram og utviklar nye tilbod innanfor område med stor samfunnsrelevans. Inntektene frå vidareutdanning gir eit robust grunnlag for vidare satsing og understrekar betydninga av fleksible undervisningsmodellar og samarbeid med arbeidslivet.

Internasjonalisering er styrkt gjennom deltaking i CHARM-EU og andre europeiske nettverk. Mobilitetstala er rekordhøge, og UiB har teke viktige grep for digitalisering av mobilitetsprosessar gjennom prosjektet UiB Atlas. Dette markerer eit viktig steg i universitetet sitt arbeid med digital transformasjon og internasjonal profil.

Samla viser utviklinga at UiB har lukkast med å realisere strategiske mål for utdanningskvalitet, livslang læring og internasjonalisering. Framover vil det vere avgjerande å vidareføre satsinga, sikre berekraft i studieporteføljen og nytte UiB sine faglege fortrinn til å møte samfunnets kompetansebehov.

Mål 3: Vere ein aktiv deltakar i ei demokratisk samfunnsutvikling gjennom forskingsformidling og kunnskapsoverføring i heile samfunnet.

Forskingsformidling og deltaking i samfunnsdebatten er ein vesentleg del av UiB sin akademiske kultur og ansvar. Formidling av forskinga si rolle for samfunnsutvikling skaper tillit og ein kultur som verdset kritisk tenking og eit kunnskapsbasert ordskifte. Skapande og utøvande kunst og forskingsbaserte utstillingar er ein viktig del av vårt samspel med omverda. Universitetsmuseet og Universitetsbiblioteket sine samlingar og utstillingar er sentrale forvaltingsoppgåver for UiB. Gjennom samfunnsdialog og innovasjonsarbeid bidrar UiB til verdiskaping i samfunn og næringsliv. Med UiB si sentrale rolle i kunnskapsbyen



Bergen, kunnskapsklynger og senter for forskingsdriven innovasjon (SFI), er universitetet ein naturleg møteplass for samarbeid mellom nærings-, kultur- og samfunnsliv og internasjonale partnerar.

Styringsparameterar

- Meir tilgjengeleg, breiare og variert forskingsformidling.
- Utvikle brukartilpassa bygg med utgangspunkt i universitetet sin masterplan for areal.
- Delta i samarbeid for forskingsbasert innovasjon nasjonalt og internasjonalt.

Meir tilgjengeleg, breiare og variert forskingsformidling

Kunnskap frå UiB kjem allmenta til nytte. Den blir delt med studentar, i media, gjennom samfunnsdebatt, arrangement og på ei rekkje andre møteplassar.

Feiringa av universitetsmuseet sitt 200-årsjubileum blei nytta til å invitere eit breitt allment publikum til ei rekkje store og små arrangement som har vekt engasjement og nysgjerrighet. Jubileumsåret starta med eit lysshow i januar 2025 som samla 15 000 bergensarar på plassen framfor Universitetsmuseet og har blitt følgt opp med Kunnskapsfest i april, konferansar, seminar og foredrag gjennom heile året og, til slutt, ein «akademisk peparkakeby» bygd av tilsette og studentar på museet i desember. Dette prosjektet fekk stor internasjonal nyheitsmerksemd. Eit av måla med jubileet var å auke medvitet i befolkninga om UiB si rolle i nasjonsbygging og samfunnsutvikling.

Jubileet har blitt eksponert meir enn fem millionar gonger i ulike kanalar, som sosiale medium, annonsar og avisartiklar. Universitetsmuseet har også sett publikumsrekord.

Å invitere publikum inn i universitetsbygga gjer byen og samfunnet eigarskap til universitetet og bygger ned barrierar. Det erfarte ein då Realfagbygget heldt ope hus ein laurdag i desember. I løpet av få timar strøynde godt over tusen bergensarar inn for å sjå bygget og møte fagmiljøa.

I løpet av 2025 har forskarar ved UiB blitt mykje brukt som kjelder i samband med store globale og nasjonale hendingar, der dei har bidrege med analysar, tolkingar og forklaringsar på aktuelle utviklingstrekk. Fagpersonar frå heile universitetet si breidd har delteke på ulike formidlingsarenaer. Uventa hendingar har synleggjort betydninga av den kunnskapsberedskapen UiB står for.

Formidling av forskning og kunnskap er særleg viktig i ei tid prega av stort informasjonstrykk, utbreidd bruk av KI-generert innhald og eit mangfald av kjelder og kanalar. Det kan vere utfordrande å skilje påliteleg, forskingsbasert kunnskap frå udokumenterte påstandar. Dette understrekar universitetet sitt store samfunnsansvar knytt til kommunikasjon og formidling.

Universitetet arbeider målretta for å gjere forskingsresultat tilgjengelege og for å sikre at UiB sine stemmer får gjennomslag i samfunnsdebatten. Gjennom sosiale medium, podkastar som *Popviten* og strøymetenesta [Viten-TV](#) blir aktivitetane ved UiB formidla på ein engasjerande og lett tilgjengeleg måte til eit breitt publikum.



I 2025 har UiB lagt til rette for dialog og meningsutveksling gjennom ei rekkje arrangement, mellom anna Berekraftkonferansen, Aarebrot-forelesinga, UiB Innovasjonsdag, Digitaliseringskonferansen, Universitetsmuseet sine jubileumsmarkeringar og Innsikt-arrangementa. Slik bidreg UiB til ein meir kunnskapsbasert offentleg samtale, der forskning og fagleg innsikt kan opplyse og påverke samfunnsutviklinga.

I 2025 lanserte UiB [Formidlingsforum](#), ein arena der forskarar kan dele erfaring og la seg inspirere av kvarandre slik at dei blir enda betre rusta til å formidle UiB si forskning. Målsettinga er å gjere formidling til ein enda tydelegare og meir verdsett del av forskarkvardagen.

Omdømmetal frå IPSOS viser at UiB sitt omdømme er styrkt i 2025. 52 prosent av den norske befolkninga har no eit godt inntrykk av UiB – ein auke på 4 prosentpoeng frå 2024 og det beste resultatet sidan målingane starta i 2004. UiB har eit signifikant sterkare omdømme på Vestlandet enn i resten av landet.

UiB si synlegheit i media tel om lag 6 700 registrerte redaksjonelle saker totalt i 2025, noko høgare enn året før. UiB har jobba meir systematisk med pressemeldingar gjennom NTB og innsending av medlemsaker til *forskning.no*. Totalt har desse sakene hatt over 250 000 lesarar.

[UiB.no](#) er UiB sin viktigaste kommunikasjonskanal med om lag 14,5 millionar sidevisingar og 2,3 millionar aktive brukarar i løpet av 2025. Studieprogramsidene er mest besøkt og er viktige for rekrutteringa til UiB.

Store norske leksikon er Noregs største nettstad for forskingsformidling. I 2025 fekk SNL likevel 15 prosent færre leste artiklar enn året før. Dette kjem av at Google i mai 2025 lanserte KI-genererte oppsummeringar øvst i søket, som gjer at SNL sine artiklar kjem lenger ned. 103 fagansvarlege og fagmedarbeidarar er tilknytt UiB, dette er 13 fleire enn året før. Dei fagansvarlege har ansvar for 260 fagområde og 10 715 artiklar – ei auke på åtte prosent. Totalt er UiB sine artiklar i Store norske leksikon lese seks millionar gonger. Artiklane som er lese flest gonger er artiklane om hinduisme, sperregrense, fotosyntese og Henrik Ibsen.

Utvikle brukartilpassa bygg med utgangspunkt i universitetet sin masterplan for areal

[Masterplan for areal](#) blei revidert i 2025 og viser korleis forvaltning og eigedomsutvikling skal bidra til å løyse universitetet sine unike arealbehov for desse formåla, og slik støtte opp under at universitetet skal posisjonere seg som eit internasjonalt leiande forskingsuniversitet.

Godt vedlikehaldne og tilrettelagde bygg bidreg til trivsel, eit godt arbeids og læringsmiljø, god infrastruktur og studentvelferd. Dette er viktige føresetnader for å skape framifrå miljø for forskingsformidling og utdanning. Den reviderte arealplanen vidarefører derfor eit tydeleg ambisjonsnivå om tilstandsgrad for universitetet sine bygningar tilsvarande TG 1 (inntil 1,5), sjå eigen omtale i kapittel 4.11.

Moderne universitetsbygg legg til rette for tverrfagleg samarbeid og koplingar til næringsliv og samfunn. For UiB er det viktig å planlegge ei bygningsmasse som gir tilgjenge for alle



og inviterer til eit inkluderande lærings og arbeidsmiljø. Eit viktig prosjekt er ei samling av dei humanistiske miljøa, som i dag er spreidde i fleire eldre bygg og i lite føremålstenlege bustadgardar på Sydneshaugen. Planen er eit nybygg på Dokkeveitomta, bak Sydneshaugen skule.

Dei siste åra er det etablert læringscenter der studentane finn bibliotektenester, stille arbeidsplassar, arbeidsplassar for samarbeid, grupperom og kafé. [Studiebarometeret 2025](#) viser at fleire studentar no brukar campus dagleg og det er ei prioritert målsetting å auke denne delen ytterlegere. I 2025 er det gjennomført ombyggingsarbeid både ved Studentcenteret og ved Sydneshaugen skule for å sikre fleire fleksible arbeidsplassar for studentane.

UiB samarbeider tett med andre partnerar innanfor akademisk, næringsliv, kultur, helse og offentleg sektor i byen – gjennom klynger og på ulike samhandlingsarenaer. Universitetet sine studentar brukar heile byen som campus, og UiB bidreg til ein ung, levande og nyskapande by. På denne måten er universitetet integrert i kunnskapsbyen Bergen både fagleg, fysisk, sosialt og kulturelt.

Universitetet er ein viktig del av byen, med store delar av verksemda plassert sentralt i bybiletet. UiB ønsker framleis å prege Bergen og ønsker byens innbyggjarar velkomne til å ta del i alt det spennande universitetet har å by på. Dialogen med kommunen, næringslivet og andre viktige samfunnsaktørar om vidareutvikling av campus som ein sentral del av byutviklinga i Bergen skal difor vidareførast og styrkjast. UiB ønsker å vere ein aktiv samarbeidspartnar i arbeidet med kommunen sin arealplan, som starta opp i 2025.

I revidert nasjonalbudsjett for 2025 gav Stortinget 20 millionar kroner i startløyving til nytt bygg for Griegakademiet. I tråd med dei overordna styringsdokumenta skal bygget ferdigstillast og takast i bruk til studiestart 2029.

[UiB Realfaghøyden](#) er det viktigaste nye bygge og rehabiliteringsprosjektet i sektoren dei komande åra. Denne delen av campus huser fagmiljø som er heilt avgjerande for den nasjonale satsinga på realfag og for å møte samfunnet sine behov i åra som kjem. Difor er prosjektet ikkje berre kritisk viktig for UiB, men har stor nasjonal betydning for å ivareta kapasitet i realfaga, internasjonal konkurransekraft og omstillingsevne i det norske samfunnet.

UiB, Statsbygg og ekstern kvalitetssikrar vurderer at det utover i 2030-åra vil vere vanskeleg å oppretthalde den eksperimentelle forskinga og utdanningstilbodet basert på den eksperimentelle forskinga. Det inneber at UiB ikkje vil kunne gjennomføre sine forskingsmessige kontraktsforpliktingar ovanfor eksterne oppdragsgivarar og brukarar av den nasjonale forskingsinfrastrukturen ved UiB.

Fagmiljø vil heller ikkje lenger vere konkurransedyktig når det gjeld å rekruttere og halde på framifrå forskarar og studentar eller klare å hente inn nasjonale og internasjonale forskingsmidlar. Dei samfunnsøkonomiske kostnadene vil vere store i form av at omfanget og kvaliteten på forskning og utdanning ved UiB gradvis blir forringa og til slutt opphøyrer. UiB har i si overordna risikovurdering vurdert framdrift i UiB Realfaghøyden som det viktigaste og mest kritiske for UiB.



Rehabilitering av Haakon Shetelig's plass 10 er også eit høgt prioritert prosjekt for UiB. Ei nærmare omtale av prosjekta er gitt i kapittel 4.2 Større byggeprosjekt under utvikling.

UiB har som mål å bli eit grønnare universitet. Det betyr nye krav til energiøkonomisering og meir effektiv arealbruk. Bygga skal tilfredsstillje internasjonale miljøstandardar, og det blir stilt miljøkrav både ved oppgradering av eksisterande bygningsmasse og ved nybygg. For omtale av tiltak i 2025 blir det vist til kapittel 4.4 «Arbeid for reduksjon av klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk».

Delta i samarbeid for forskingsbasert innovasjon nasjonalt og internasjonalt

UiB har sterke tradisjonar for å setje kunnskap i bruk gjennom nye teknologiske løysingar, tenesteinnovasjon og sosial innovasjon, og dermed overføre kunnskap og nye bruksområde av forskning til samfunnet. UiB sin sentrale plass i kunnskapsbyen Bergen, dei mange [kunnskapsklyngene](#) og [Sentra for forskingsdreven innovasjon](#) (SFI), gjer universitetet til ein unik pådrivar for samarbeid mellom nærings-, kultur- og samfunnsliv, både regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Både SFI og kunnskapsklyngene blir i stor grad finansierte gjennom eksterne midlar, og blir etablerte på område der UiB allereie har høg internasjonal fagleg kvalitet.

UiB har delteke med åtte søknader til EIC-programma (European Innovation Council) i Horisont Europa i 2025, ei tydeleg auke frå tidlegare år. Seks av søknadene fekk avslag, men kan danne grunnlag for framtidige suksessfulle prosjektforslag. To av søknadene er framleis under handsaming ved utgangen av 2025.

I desember 2025 blei UiB tildelt eit nytt SFI-senter, i tillegg er UiB partner i eit anna senter. Satsinga styrker UiB sin posisjon ytterlegare som ein drivkraft i forskingsbasert innovasjon på Vestlandet.

I samarbeid med NTNU og ei rekkje nasjonale og internasjonale aktørar var UiB ein sentral deltakar i [KIC One Water](#) initiativet. Dette var ein søknad om å oppnå status som Knowledge and Innovation Community (KIC) under Horisont Europa. I ein svært skarp konkurranse nådde ikkje konsortiet heilt opp, men koalisjonen vil fortsette sitt etablerte samarbeid.

Studentane utgjer ei viktig kraft i innovasjonsarbeidet, og universitetet legg stor vekt på å skape ein kultur for [innovasjon og entreprenørskap](#) hos studentar og tilsette, både i utdanning, forskning og formidling. Med midlar frå Agenda Vestlandet er det i 2025 etablert eit treårig studententreprenørskapsprogram – [TILT student](#) – for UiB, HVL og NHH. Satsinga koordinerast av [VIS - Vestlandets Innovasjonsselskap](#). UiB får seks millionar kroner frå stiftinga, fordelt over tre år. Midlane skal ved UiB blant anna nyttast til å vidareutvikle UiB idé og dele ut mikrostipend til studentar som søker STUD-ENT, gjennomføre målretta tiltak for internasjonale student gründerar (på PhD- og masternivå) og å vidareføre og utvide ordninga med innovasjonspilotar som mobiliserer og rettleier andre studentar.

Helseinkubatoren [Eitri](#) er eit viktig samlingsstad for studentane i medisinsk teknologi på UiB. Her arrangerast karrierkveldar, vitskaplege foredrag og samarbeid med etablerte gründerar.



UiB sitt prototyp- og verifikasjonsprogram, UiB idé, finansierte i 2025 sju prosjekt fordelt på fire forskarprosjekt og tre studentprosjekt. UiB har tildelt midlar over programmet i fem år, og oppfattar at det er etablert som eit viktig instrument for å styrke innovasjon ved UiB.

I 2025 har UiB for andre år på rad arrangert ein innovasjonsfestival for å syne frem dei mange innovasjonane universitetet bidrar med til samfunnet. I tilknytning festivalen blei det laga ei utstilling som syner bidrag frå UiB til nyskaping i samfunnet, med døme frå alle fakultet.

UiB ønsker å sikre at forskning kjem samfunnet til gode, samstundes som interessene til forskarane, studentane og institusjonen blir ivaretekne. I 2025 blei ein ny politikk for immaterielle rettar (IPR) vedteken. Den nye politikken styrkar insentiva forskarane og fagmiljøa har for å drive med innovasjon, og klargjer viktige punkt i arbeidet med å skape samfunnsnytte av forskinga. Det gjer det lettare for næringsliv og andre å samarbeide med universitetet om å skape resultat.

UiB har ambisjonar om å auke innovasjon i breidda av våre fagmiljø. I løpet av våren 2026 vil styret få seg førelagt ei sak til drøfting som nærare gjennomgår dei ulike verkemidla UiB og fagmiljø nyttar i arbeidet med innovasjon.

Teknologi- og kunnskapsoverføring

UiB har organisert kommersialiseringsarbeidet sitt gjennom selskapet [VIS - Vestlandets Innovasjonsselskap AS](#). Ved utgangen av 2025 hadde selskapet registrert 47 idear og seks patentsøknadar frå forskarar ved UiB. I løpet av 2025 har VIS også oppnådd sal av ni lisensar og eit selskap. Ei oversikt er gitt i tabell 10.

Forskringsrådet har to typar søknader for kommersialiseringsprosjekt: kvalifiseringssøknader og verifiseringssøknader. VIS har i 2025 ikkje levert verifiseringssøknader til Forskringsrådet på vegne av UiB. Det er levert sju kvalifiseringssøknader, der ein har fått finansiering. I tillegg står UiB sjølv som søker på eit kvalifiseringsprosjekt, som også blei innvilga. Omfanget av søknadar og finansierte kvalifiserings- og verifiseringsprosjekt er redusert i høve til 2024.

Kompetanse- og samarbeidsprosjekt (KSP) har ein klar innovasjonsdimensjon. Her har UiB auka talet på søknader betydeleg, frå 11 i 2024 til 22 i 2025, der sju prosjekt blei finansierte. KSP er vidare omtala under styringsparameteren, «*Tematiske utlysingar frå Forskringsrådet*».

I tillegg til kommersialiseringsprosjekt, har UiB delteke med fire søknader i Forskringsrådet sine utlysingar av innovasjonsprosjekt for offentleg sektor og kommunale helse- og omsorgstenester. Eit prosjekt blei finansiert.

Tabell 10. Nøkkeltal for aktivitet i VIS 2023 - 2025

	2023	2024	2025
Idear	29	52	47
Patentsøknader	14	7	6
Lisensar	4	9	9
Solgte selskap	2	2	1



Oppsummering av mål 3

UiB skal vere ei open kunnskapskjelde og ein arena for forskingsbasert kunnskapsoverføring og samfunnsdialog. Kunnskapen blir delt med studentar, i media, gjennom samfunnsdebatt, arrangement og på ei rekkje andre møteplassar.

Universitetsbiblioteket forvaltar forskingsresultat og historiske samlingar, og gir allmenta tilgang til desse. Forskarar og fagfolk deltek i samfunnsdebatten på alle fagområde og bidreg mellom anna til Store norske leksikon, forskning.no, podkastar og VitenTV – i tillegg til ordinær forskingsformidling. Universitetet inviterer også til debatt gjennom mange ulike typar arrangement.

I 2025 fekk feiringa av Universitetsmuseet sitt 200-årsjubileum særleg høg merksemd gjennom ei rekkje arrangement gjennom heile året. Eitt av måla med jubileet var å auke medvitet i befolkninga om UiB sin rolle i nasjonsbygging og samfunnsutvikling. I tillegg til ny publikumsrekord ved museet blei jubileet eksponert meir enn fem millionar gonger i kanalar som sosiale medium, annonsar og avisartiklar.

Å invitere publikum inn i universitetsbygga gir byen og samfunnet eigarskap til universitetet og bygger ned barrierar. Dette blei tydeleg då Realbygget heldt ope hus ein laurdag i desember, og godt over tusen bergensarar strøymde inn for å sjå bygget og møte fagmiljøa.

Med si sentrale plassering på Nygårdshøyden og Årstad er UiB ein sentral del av bybildet i Bergen. UiB Realbygget er det viktigaste nye bygge og rehabiliteringsprosjektet i sektoren dei komande åra. Denne delen av campus huser fagmiljø som er heilt avgjerande for den nasjonale realfagssatsinga og for å møte samfunnsbehova i åra som kjem.

Gjennom utvikling av opne campusområde er UiB ein viktig aktør i byutviklinga. Med rundt hundre ulike bygg – fleire av dei verna eller freda – følger eit stort ansvar. Samstundes skal bygga romme moderne undervisning og forskning av høg kvalitet, med dei krava det stiller til vedlikehald og nye lokale.

Dialogen med kommunen, næringslivet og andre viktige samfunnsaktørar om vidareutvikling av campus som ein sentral del av byutviklinga i Bergen er eit prioritert område. UiB skal vere ein aktiv samarbeidspartnar i arbeidet med kommunen sin arealplan, som starta opp i 2025.

UiB samarbeider med VIS om kommersialisering av forskingsresultat, og talet på registrerte idear i 2025 låg på same nivå som i 2024



3.3 Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt³

UiB hadde ingen avslutta større byggeprosjekt i 2025.

I 2025 vedtok Stortinget oppstart av nytt Griegakademi. Prosjektet sitt samfunns mål er at «Griegakademiet skal vere ein leiande arena for musikkutdanning som bidreg til å utvikle samfunnsrelevante musikkpraksisar og bidra med forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid med stor breidd innanfor musikkfeltet, og fremme tverrkunstnarleg forskning på eit høgt internasjonalt nivå». I tillegg er det utforma tre effektmål som skal støtte opp om samfunns målet. Byggestart er våren 2026 og prosjektet skal ferdigstillast i 2029.

Fellesadministrasjonens bygg i Nygårdsgaten 5, som hadde sitt første fulle driftsår i 2024; har blitt eit viktig nav i universitetet si verksemd. I tillegg til dei 450 tilsette som har sin arbeidsplass her, gir bygget rom for aktivitetar innanfor vidareutdanning, konferansar, møter og seminar. Bygget brukast av heile organisasjonen og av mange ulike typar samarbeidspartnarar. I 2025 blei Nygårdsgaten 5 nominert til Bergen kommune sin arkitektur- og byfornyingspris. Prosjektet blir framheva som eit førebilete innanfor transformasjon og gjenbruk av eksisterande bygningsmasse.

Universitetet sine planlagde byggeprosjekt er omtalt i kapittel 3.2, Utviklingsavtalen, og i kapittel 4.2, Større byggeprosjekt under utvikling.

3.4 Midlar tildelte over andre budsjettpostar

SLATE

[SLATE](#) har i løpet av 2025 fått ei løyving på tre millionar kroner over kap. 201, post 21, til styrking av satsing innanfor kunstig intelligens. Senteret har fått ytterlegare ein million kroner over same post, til prosjekta AI-CREATE og The Cognitive Effects of Hybrid Systems. Senteret er plassert ved Det psykologiske fakultet og senteret sender eigen årsrapport til departementet, der rapportering av desse midlane er inkludert.

Vidareutdanning av lærarar

UiB har fått ei løyving på 3,606 millionar kroner til vidareutdanning av lærarar. Midlane har blitt tildelt miljøa ved UiB som har hatt Kompetanse for kvalitet-tilbod, for å vidareføre det arbeidet som tidlegare var finansiert gjennom oppdragsprosjekt i regi av Utdanningsdirektoratet.

Midlane er nytta til vidareutdanningspakkar innanfor matematikk, språkfag og rettleiing innanfor lærarprofesjonen. Ved årsslutt står ein liten del av løyvinga ubrukt. Den er planlagt brukt inn mot etter- og vidareutdanningstilbodet til lærarar våren 2026.

³ Institusjonane skal omtale arbeidet med å sikre at samfunns- og effektmål for avslutte større bygge- og rehabiliteringsprosjekt blir nådd. For byggeprosjekt i byggefase skal det beskrivast korleis ein legg til rette for at måle blir nådd etter at bygget står ferdig.



Partnerskap i lærarutdanninga

Midlar tidlegare tildelt over kap. 275.21 til partnerskap i lærarutdanninga, har blitt brukt til å styrke universitetsskule- og partnerskulesamarbeid. Midlane blir disponert av universitetets sentrale lektorsenter og resten av løyvinga var planlagt brukt opp i 2025. Den planlagde aktiviteten er noko forsinka og vil bli gjennomført første halvår 2026.

Holbergprisen

UiB fekk 19,341 millionar kroner til Holbergprisen over kap. 289 post 51. Rapportering på bruken av løyvinga blir gjort i eigen rapport til KD.

Ukrainas deltaking i European Social Survey (ESS)

Tildeling over kap. 288, post 21 for Ukrainas deltaking i [European Social Survey](#) (ESS) 3,5 millionar kroner. Dei tildelte midlane er meinte å dekke utgifter knytt til datainnsamlinga i ESS runde 12 i Ukraina. ESS er ei samfunnsvitskapleg spørjeundersøking som blir gjennomført om lag annakvart år i rundt 30 europeiske land og som er tilgjengeleg for forskning. Midlane har bidrege til å sikre naudsynt planlegging, koordinering og metodisk tilrettelegging for gjennomføring av undersøkinga i ein krevjande kontekst.

Datainnsamlinga blir gjennomført i sin heilskap i Ukraina, med oppfølging og koordinerte aktivitetar ivaretekne av ESS sitt hovudkvarter i London. Datainnsamlinga skal finne stad i 2026. Litt over halvparten av midlane blei overførte før oppstart for førebuing og gjennomføring av datainnsamlinga, medan resten av midlane blir utbetalte når datainnsamlinga er ferdig. Alle midlar går til førebuing, gjennomføring og oppfølging av datainnsamlinga i Ukraina.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
53582F27458245539C706F4C61C75456

4. STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
53582F27458245539C706F4C61C75456

4.1 Styring og kontroll i verksemda

UiB har over tid arbeidd for å utvikle ein systematikk i arbeidet med å møte ulike krav til styring og kontroll, slik det er gitt i Økonomireglementet § 4 og § 14 og Bestemmelsene i punkt 2.5 om Intern kontroll. Det er vidare gjennomført tiltak for å utvikle ein meir heilskapleg internkontroll.

UiB legg til grunn at arbeidet med styring og kontroll skal ha ei risikobasert tilnærming. Dette skal gi betre prioriteringar og dermed auka sjanse for måloppnåing, effektiv ressursbruk og etterleving av lover og reglar. Arbeidet bygger på tilrådingane i rapport frå UiB sin internrevisjon, og det er utvikla felles metodikk og verktøy for oppfølging av på ulike nivå i organisasjonen. Arbeidet har vidare hatt mål om å samkøyre risikovurderingar og rapportering innanfor dei mest sentrale internkontrollområda.

I 2025 har internkontrollområda HMS, Informasjonstryggleik og personvern, Ytre miljøarbeid og Bygg og verdiar hatt felles rapportering, i tillegg til at oppfølging av rapporteringa er gjennomført i felles møte. UiB vurderer at styring og kontroll av einingane er på eit tilstrekkeleg nivå og at ressursane blir forvalta på ein forsvarleg og effektiv måte. Rekneskapen er avlagt i tråd med gjeldande statlege rekneskapsstandardar og er utarbeidd i tråd med gjeldande krav om oppstilling og presentasjon. Rekneskapen gir etter UiB sin oppfatning eit korrekt bilete av resultat og den økonomiske situasjonen per 31.12.2025.

UiB har ingen merknader frå Riksrevisjonen i 2025. Det er tett dialog med Riksrevisjonen om 2025-rekneskapen, og det er så langt ikkje avdekt vesentlege avvik i dette arbeidet.

Risikovurderingar

Det er etablert ein struktur for arbeidet med risikovurderingar i heile organisasjonen. Dette inkluderer eit felles verktøy for gjennomføring og dokumentasjon av risikovurderingane samt utvikling og oppfølging av risikoreduserande tiltak. Arbeidet følger eit årshjul som er forankra i universitetsstyret.

Den overordna risikovurderinga for 2025 hadde merksemd på gjennomføring av den pågåande tryggleikssatsinga, digitale angrep, gjennomføring av større pågåande IT-prosjekt, revisjon av masterplan for areal, UiB sin evne til å tilpasse seg strammare økonomiske rammer og risiko for negative konsekvensar av strammare økonomiske rammer.

Områda som blir løfta fram i den overordna risikovurderinga blir følgde opp i egne initiativ. Dette gjeld særleg satsinga på informasjonstryggleik der universitetsstyret har sett av betydelege midlar og gjort vesentlege organisatoriske grep. Desse blir omtala nærare i kapittel 4.8 Informasjonstryggleik og personvern. I tillegg er økonomioppfølginga styrkt, mellom anna gjennom tettare dialog mellom dei ulike nivåa i organisasjonen, utvikling av verktøy som skal hjelpe med å fange opp negativ utvikling på eit tidlegare tidspunkt og auka merksemd på langtidsbudsjett. Det er i 2025 starta eit arbeide med overordna økonomiske scenario, og langtidsbudsjett 2026 - 2030 bygger på eit ønskt scenario for 2030.



Ved inngangen til 2026 blei det gjennomført ei overordna risikovurdering der det overordna risikobilde er vurdert opp mot to forhold:

- UiB skal oppretthalde vitskapleg kapasitet i 2030 og bør innrette støttefunksjonar og tenester slik at det støtter opp om dette målet
- Administrasjonens ambisjon om *Heilskapleg administrasjon 2025 - 2030* som førande for at administrasjonen sammen skal bidra «til å oppfylle UiB sine mål og ambisjonar med tenester som skaper verdi for våre kjerneoppgåver».

Vurderinga tar utgangspunkt i avdelingane sine risikovurderingar og andre hendingar som kan inntreffe. Det overordna risikobilde 2026 har følgande overskrifter:

- Framdrifta på UiB Realfaghøyden er ikkje tilstrekkeleg.
- UiB får ikkje nødvendige resultatet av arbeidet med økt studiegjennomføring.
- UiB får ikkje nødvendige resultatet av arbeidet med økt BOA-aktivitet.
- Arbeidet med effektivisering og standardisering har ikkje nødvendig progresjon.
- UiB tar ikkje ut gevinstar av KI.
- UiB rammes av alvorleg informasjonstryggleikshending.
- Det etablerast ikkje ein tilstrekkeleg forvaltning av nye nettsider i einingane.

Internrevisjon

UiB har engasjert PwC til å vere verksemda sin internrevisor. I samsvar med instruksjonen skal internrevisjonen arbeide etter ein årsplan fastsett av styret, rapportere resultatet av enkeltrevisjonane fortløpande til administrasjonen, og periodisk oppsummere revisjonsarbeidet ovanfor styret. I 2025 har det vore gjennomført internrevisjon innanfor følgjande område:

1. Eksamensadministrasjon.
2. Arbeid frå utlandet.
3. Internkontroll knytt til helseforskning.
4. Identitets- og tilgangsstyring av gjestebrukarar.

I tillegg er det gjennomført etterkontroll/stikkprøver på nokre andre område.

Revisjonane viser at det er etablert viktige strukturar, men også at det finst forbettringspotensial knytt til tydelegare rollefordeling, betre systemstøtte og styrka kompetanse. Erfaringane viser at internrevisjonen sine mål om at internrevisjonsprosjekta skal gje meirverdi for UiB er positivt og anbefalingane frå PwC vil danne eit godt grunnlag for vidare arbeid med å sikre kvalitet, effektivitet og etterleving.



Plan for revisjonsområde for 2026 blei vedteken i oktober 2025 og inneheld totalt fire revisjonspunkt:

1. Langtidsbudsjettering.
2. Studieopptak.
3. Rekruttering.
4. Informasjonstryggleik og personvern.

4.2 Større byggeprosjekt under utvikling⁴

I revidert nasjonalbudsjett for 2025 ga Stortinget 20 millionar kroner i startløyving til nytt Griegakademi. Samstundes vedtok Stortinget ei kostnadsramme for byggeprosjektet på inntil 853 millionar kroner og for brukarutstyrsprosjektet på inntil 205 millionar kroner. I forslag til statsbudsjett for 2026 er det løyvd 300 millionar kroner til prosjektet. I tråd med dei overordna styringsdokumenta i saka skal bygget ferdigstillast og takast i bruk til studiestart 2029.

Griegakademiet skal vere ein leiande arena for musikkutdanning som bidreg til å utvikle samfunnsrelevante musikkpraksisar og bidra med forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid med stor breidd innanfor musikkfeltet, og fremme tverrkunstnarleg forskning på eit høgt internasjonalt nivå.

Ei samlokalisering med kunst- og designfaga i Møllendal vil gi betydelege synergiefekar når det gjeld arealbruk mot studentar, undervisning og fellesfunksjonar, og mot administrativ bemanning. Samlokalisering gir også moglegheiter for å vidareutvikle høg kvalitet i musikkutdanningane, forskinga og det kunstnarlege utviklingsarbeidet, men også for å få til større grad av tverrfagleg samarbeid.

Nybygget vil erstatte nedslitne og lite funksjonelle areal i Nygård skule med lokale som er tilrettelagt for musikk, og med lyd-, lys- og luftforhold som er verdige både for studentar og tilsette. Nybygget vil gi dei rammene som trengst for å ivareta musikkutdanning av høgaste kvalitet og eit levande kulturliv på Vestlandet.

UiB reviderte i 2025 sin [Masterplan for areal](#) for perioden 2025–2040. I tillegg til prosjekt som UiB planlegg å realisere innanfor eigne rammer, inneheld planen to prioriterte prosjekt som vil krevje bidrag frå statsbudsjettet:

- Rehabilitering av [UiB Realfaghøyden](#)
- Rehabilitering av Haakon Sheteligs plass 10 – Dei kulturhistoriske samlingane

⁴ Byggeprosjektene som omtales i dette kapitlet er prosjekter som blir omfatta av særleg krav til utgreiing. Det visast her til [Instruks om håndtering av bygge- og leiesaker i statlig sivil sektor](#).



UiB Realfaghøyden: Bygg for naturvitenskap og teknologi

[UiB Realfaghøyden](#) er kritisk viktig for UiB sitt store realfags- og teknologimiljø, og skal sikre vidare utvikling og styrking av Noreg sin naturvitenskaplege og teknologiske kompetanse og kunnskapsbase. Infrastruktur for undervisning, eksperimentell forskning, innovasjon og IKT som tek hand om arbeidsmiljø og fellesfunksjonar er ein viktig føresetnad.

UiB sine realfagsmiljø utgjer ein vesentleg del av den nasjonale FoU-kapasiteten – om lag 20 prosent av innsatsen innanfor naturvitenskap i Noreg, og dermed ein viktig del av framtidig innovasjon og teknologisk utvikling. Heile 36 prosent av UiB sine eigne FoU-årsverk er innanfor dette området.

Prosjektet inneber totalrehabilitering av Realfagbygget og Fysikkbygget, samt etablering av eit avlastningsbygg på ca. 14 000 m². Konseptet frå 2024 kom best ut i utgreiinga, med lågast kostnad og minst ulemper for fagmiljø og studentar. Det inneber også arealeffektivisering på ca. 3 000 m². Totalarealet er 71 000 m², og styringsramma er 7,5 milliardar kroner.

For å sikre kontinuitet i forskning og utdanning må det finnast tilstrekkelege og eigna lokale gjennom heile prosjektperioden. Utgreiinga viser at det er meir kostnadseffektivt å bygge avlastningsbygg enn å leige. Kostnadene varierer frå ca. 0,3 til 2 milliardar kroner. Eit avlastningsbygg vil også gjere det mogleg for UiB å avhende andre areal i etterkant.

Når UiB avhender lokalar som i dag blir leigd i marknaden, inneber det at anbefalt konsept samla sett gir ein reduksjon i UiB sin arealbruk, sjølv om det blir bygd eit nybygg på 14 000 m².

Kunnskapsdepartementet og Finansdepartementet fekk i desember 2025 ei ekstern kvalitetssikring av konseptvalutreiinga (KS1) for UiB Realfaghøyden. Gjennomgangen, utført av Norconsult, stadfestar anbefalinga frå UiB og Statsbygg: Realfagbygget og Fysikkbygget ved UiB bør rehabiliterast, og det bør oppførast eit nytt avlastningsbygg.

Rapporten slår fast at både Realfagbygget (frå 1977) og Fysikkbygget (frå 1969) har passert sin tekniske levealder med 20 til 30 år. Til tross for godt vedlikehald, er dei tekniske anlegga utdaterte, i dårleg stand og underdimensjonerte, særleg for laboratoria med krav til ventilasjon og inneklime. Tilstanden inneber aukande risiko for brukarane og truer både forskning og undervisning. Dette er ein akutt situasjon. Dersom ein ikkje får starta opp no, risikerer UiB at fagmiljøa gradvis forvitrar, og at UiB mister både folk og kompetanse.

UiB, Statsbygg og ekstern kvalitetssikrar vurderer at det utover i 2030-åra vil vere vanskeleg å oppretthalde den eksperimentelle forskinga og utdanningstilbodet basert på den eksperimentelle forskinga. Det inneber at UiB ikkje vil kunne gjennomføre sine forskingsmessige kontraktsforpliktingar ovanfor eksterne oppdragsgivarar og brukarar av den nasjonale forskingsinfrastrukturen ved UiB.

Fagmiljø vil heller ikkje lenger vere konkurransedyktig når det gjeld å rekruttere og halde på framifrå forskarar og studentar eller klare å hente inn nasjonale og internasjonale forskingsmidlar. Dei samfunnsøkonomiske kostnadene vil vere store i form av at omfanget



og kvaliteten på forskning og utdanning ved UiB gradvis blir forringa og til slutt opphøyrer. I fråvær av større investeringstiltak for å oppgradere bygg og tekniske anlegg er det forventa ei gradvis nedtrapping av forskings- og utdanningsaktiviteten i Fysikkbygget og Real FAGbygget frå 2035.

UiB har i si overordna risikovurdering vurdert framdrift i Real FAGhøgda som det viktigaste og mest kritiske for UiB.

Det er såleis kritisk viktig at regjeringa gir tilslutning til Statsbygg og UiB sitt anbefalte konsept. For å komme i gang, må regjeringa løyve 70 millionar kroner til forprosjektet i statsbudsjettet for 2027, samt gi signal om langsiktig finansiering.

Rehabilitering av Haakon Shetelig's plass 10 – Universitetsmuseet, Dei kulturhistoriske samlingane

Universitetsmuseets kulturhistoriske samlingar er ikkje lenger tilgjengelege for publikum, og museet kan ikkje oppfylle sitt lovpålagde samfunnsoppdrag. Samstundes er det identifisert omfattande utviklingsbehov som krev investeringar uavhengig av valt løysing. På oppdrag frå KD leverte UiB i 2025 ei idéfaseutgreiing for dei kulturhistoriske samlingane, med mål om å starte utgreiing av løysingar i konseptvalfasen i 2026.

Dei identifiserte gevinstane utleide frå prosjekt- og effektmåla peikar mot at ei investering i Universitetsmuseets kulturhistoriske museumsbygg vil gi betydeleg verdi for både samfunnet, universitetet og brukarar i framtidige generasjonar. Gevinstane understøttar UiB sitt samfunnsoppdrag og styrkar Universitetsmuseet si rolle som formidlar og kunnskapsarena, læringsmiljø og møteplass mellom akademia og offentlegheita.

Samlingane med 2,5 millionar gjenstandar er unike i Europa og ein uvurderleg del av vår kulturarv som samfunnet må få tilgang til.

Universitetsmuseets samlingar er av ein storleik som krev store areal for utstillingar. Ei heilskapleg formidling av desse særskilte viktige samlingane og dei store forteljningane der eit breitt spekter av gjenstandar blir stilt ut, kan ikkje realiserast utan eit rehabilitert bygg. Bygget frå 1927 tilfredsstillar ikkje dagens krav til publikumsareal og moderne kommunikasjonsformer. Det manglar også fasilitetar som verkstadar, varemottak og areal for skiftande utstillingar. UiB har ikkje alternative eigna areal for utstillingar av det omfanget det her er snakk om.

I påvente av rehabilitering har Universitetsstyret løyvd midlar for perioden 2024–2026 til eit omfattande prosjekt for sikring av gjenstandar og tømning av HS10. I brev frå KD av 22. oktober 2025 får UiB mandat til å starte ei konseptutgreiing (KVU) for dei kulturhistoriske samlingane. Målsettinga er at dette arbeidet blir ferdiggjort i 2026/2027.



4.3 Oppfølging av nasjonal strategi for digital omstilling

Forskning og høgare utdanning spelar ei nøkkelrolle for ei vellukka digital omstilling av samfunnet, gjennom forskning og innovasjon, forskningsbasert utdanning av kandidatar til framtidens arbeidsliv og kompetanseheving av eksisterande arbeidsstyrke med vidareutdanningstilbod.

For å vere leiande i den digitale utviklinga er det ikkje nok med utdanning av teknologar; det er behov for sterk internasjonal forskning og å inkludere digital kompetanse i alle studietilbod. Særleg med aukande innlemming av kunstig intelligens i dei fleste digitale verkøy, er det behov for å gi fagspesifikk digital kompetanse, målretta for ulike profesjonar og fagområde. I tillegg til å vidareføre tidlegare arbeid har UiB det siste året styrkt satsinga på kvanteteknologi og forsterka UiB sin breie satsing på kunstig intelligens.

Hausten 2025 vedtok Universitetsstyret å etablere Noregs første sivilingeniørstudium i kvanteteknologi med oppstart hausten 2026. Studiet bygger på UiB sine sterke fagmiljø innanfor kvantefysikk og kvanteteknologi, mellom anna knytt til sensorteknologi, materialforskning og marin bruk. Det nye studietilbodet er eit direkte svar på aukande etterspurnad etter kvantekompetanse i både offentleg sektor og næringsliv.

Universitetet sitt arbeid knytt til kunstig intelligens og digital kompetanse har fått stor merksemd, både nasjonalt og internasjonalt, og UiB har sterke og internasjonalt anerkjende grupper som forskar innanfor KIs kjernekomponentar, og anvend KI-forskning blir utført ved alle fakultet. Ingen andre universitet i Noreg har ei slik grunnleggande, tverrfagleg kompetanse innanfor kunstig intelligens, og det er eit omfattande samarbeid med næringslivet gjennom teknologi- og kunnskapsklynger. UiB fekk i 2025 tildelt eit av dei nasjonale sentra for kunstig intelligens AI Learn som har omlag 70 samarbeidspartnarar.

[UiB AI](#) er etablert for å styrke samarbeidet på tvers av fagfelt og sektorar innanfor kunstig intelligens. Målet er auka kompetanse, betre forståing og utvikling av kunstig intelligens som er påliteleg og rettferdig. UiB AI har etablert ei brei kontaktflate mot næringslivet og offentleg forvaltning på Vestlandet, mellom anna gjennom arenaen Intelligente Bergen.

UiB bidreg også med grunnleggande digital kompetanse gjennom den tematisk breie emnepakken [DIGI](#). Emna blir tilbydde til eigne studentar og tilsette, og som vidareutdanning. Det er etablert eit samarbeid med Digital Norway for å gjere emna breitt tilgjengelege.

Saman med Universitetet i Oslo og NTNU fekk UiB i juni 2025 i oppdrag frå KD å etablere ein nasjonal infrastruktur for personsensitive data, NORTRE. Infrastrukturen realiserast med gjenbruk av eksisterande infrastrukturar på dei tre universiteta, mellom anna infrastrukturen SAFE ved UiB. Føremålet er mellom anna å dekke krava til nasjonale løysingar for såkalla sikre analyserom for sekundærbruk av helsedata i tråd med krava for tilslutnad til det europeiske helsedataområdet, EHDS. Oppdraget frå KD er gitt i nært samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) der ein legg opp til at NORTRE skal få ei eiga langsiktig og føreseieleg finansiering over statsbudsjettet. Realisering skjer gjennom eit



sektorovergrepande samarbeid med mellom anna Folkehelseinstituttet og dei regionale helseføretaka

UiB har ei sentral rolle i å styrke den nasjonale forskingsinfrastrukturen, og er ein viktig partner i Norwegian Research Infrastructure Services (NRIS), eit samarbeid mellom Sigma2 og dei fire store universiteta i Noreg: NTNU, UiB, UiO og UiT. Her bidreg UiB ved å tilby nasjonale superdatabehandlings- og datalagringstenester til forskarar knytt til universitet og høgskular i Noreg. Dette samarbeidet gir forskingsmiljø tilgang til avanserte bereknings- og lagringsfasilitetar, samt støtte og kompetanse som kan hjelpe med å realisere og vidareutvikle forskingsprosjekt. Gjennom NRIS deltek UiB også i internasjonale partnerskap og prosjekt knytt til forskingsinfrastruktur.

UiB treng tilgang til moderne og uavhengige plattformer. UiB har saman med Universitetet i Oslo utvikla ei eiga skyplattform, Norwegian Research and Education Cloud (NREC), bygd på opne standardar som tilbyr reknekraft for kunstig intelligens (GPU), tradisjonell reknekraft og lagringskapasitet. Plattformen blir brukt av fleire hundre forskingsprosjekt. UiB har i tillegg etablert generiske plattformtenester på toppen av NREC for moderne drift av system.

UiB har som mål at data som er eit resultat av dei tilsette sin forskingsaktivitet, skal klar- gjerast og gjerast tilgjengelege for gjenbruk, i tråd med FAIR-prinsippa. Data skal vere gjenfinnbare, tilgjengelege, samhandlande og gjenbrukbare. Universitetsbiblioteket tilbyr opne kurs om temaet kvart semester, og gir råd og rettleiing om handtering og tilgjengeleggjering av forskingsdata. Som del av dette er det etablert ei ordning for rettar innanfor open publisering.

Tilsette ved UiB skal ha tilgang til velfungerande arbeidsplattformer og effektive digitale verktøy. Etter at det nasjonale fellesprosjektet UH Sak blei avslutta i 2024, gjennomførte UiB i 2025 eit anbod på eit klassisk saksbehandlings- og arkivsystem med modular for prosessflyt. Etter at leverandør blei valt, ligg UiB no an til å setje det nye systemet i produksjon i første kvartal 2026.

UiB har arbeidd med føresetnader for å kunne ta i bruk kunstig intelligens som integrert skrivebordsverktøy, og i 2025 gjennomførte UiB eit pilotprosjekt med dette føremålet. Prosjektet resulterte i anbefalingar om mellom anna naudsynt orden i eige hus, føresetnader for bruk og generelle anbefalingar.

UiB samarbeider med Sikt, HK-dir. og resten av sektoren om oppfølging av digitaliseringsstrategien gjennom aktiv deltaking i dei nasjonale portefølje- og produktstyra, samt på dei operative nivåa. I 2025 arrangerte UiB i samarbeid med HK-dir. og Sikt den sjetton nasjonale konferansen for digitalisering i høgare utdanning.

I 2025 har UiB gjennomført eit eigenutvikla opplæringsprogram [KI Kompetanseløft](#). Programmet er retta mot alle teknisk-administrative tilsette ved universitetet. Målet er å styrke forståing av kunstig intelligens (KI) og korleis KI-verktøy kan brukast som støtte i arbeidskvardagen. Tilbodet har vore populært med ei svært høg deltaking.




4.4 Arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energiforbruk

UiB sitt viktigaste bidrag i arbeidet for ei berekraftig samfunnsutvikling er å skaffe ny kunnskap gjennom forskning og utdanning. Samstundes har UiB høge ambisjonar for reduksjon av egne utslepp. I 2025 er det arbeidd ut frå fire delmål:

- Redusere utslepp frå energibruk
- Redusere utslepp frå reiser
- Redusere utslepp frå innkjøp av varer og tenester
- Redusere areal

Utviklinga i utslepp blir målt i universitetet sitt klimarekneskap som blir lagt fram i juni 2026.

UiB har over fleire år arbeidd målretta med å redusere energibruken og har gjennomført ei rekkje energireduserande tiltak med gode resultat. I 2025 blei det totalt brukt energi tilsvarande 62,7 GWh – fire prosent lågare enn i 2024 og 13 prosent lågare enn i 2021. Ei oversikt er gitt i figur 3.



Figur 3. Energiforbruk ved UiB 2021 - 2025

Kontinuerleg oppgradering av bygningsmassen og utrulling av sentralt driftsanlegg bidreg til redusert energibruk. Erfaring viser at rehabiliterte bygg brukar 60–80 prosent mindre energi enn før ombygging.

Dei siste 30 åra har UiB produsert eigen energi, primært frå varmepumper og sjøvassforsyning. Sidan 2018 har det også vore satsing på solceller og solfangarar, som i 2025 utgjær 3–4 prosent av elektrisitetsbehovet. Totalt blir det anslått at UiB produserer 10–15 GWh





Foto: Eivind Senneset



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
53582F27458245539C706F4C61C75456

frå varmepumper. Ambisjonen er at dette skal auke ytterlegare, mellom anna gjennom eit større varmepumpeanlegg i Realfagbygget (som starta opp i januar 2026). Desse investeringane dreier energibruken mot energikjelder som gir lågare utslepp.

Innanfor areala UiB forvaltar finst det viktige naturverdiar, inkludert habitat for raudlista artar, som universitetet skal ta vare på. Forsking, utdanningsaktivitetar og drift av bygg, areal og infrastruktur medfører påverknad på, og avhengigheit av, natur og naturressursar. UiB bidreg med forskning, utdanning og innovasjon som er nødvendig for grøn omstilling, samtidig som universitetet tek ansvar for eiga drift ved å «leve slik vi lærer». For å sikre dette er det vedteke retningslinjer for [Grøn campus](#), som skal bidra til å nå UiB sine klimamål gjennom klima og naturvenleg forvaltning av uteareala. Eit eige grønt utval er oppretta for å koordinere arbeidet.

Arbeid med redusert avfallsmengd og auka kjeldesortering står sentralt i klimaarbeidet. I 2025 auka sorteringsgraden frå 50 prosent til 54 prosent.

Når det gjeld utslepp frå innkjøp av varer og tenester, er innsatsen særleg retta mot auka gjenbruk og reparasjon av møblar, inventar og IKT-utstyr. Nye byggeprosjekt tek i større grad utgangspunkt i rehabilitering av eksisterande bygningsmasse. Universitetet sitt klimafond skal motivere studentar og tilsette til å redusere UiB sitt klimaavtrykk.

I 2025 fekk ytterlegare to [forsningslaboratorier My Green Lab-sertifisering](#). Totalt har no tre laboratorium ved UiB ei slik sertifisering. Laboratorium har tradisjonelt høgt klimaavtrykk, og målretta arbeid sparer både miljøet og pengar gjennom lågare straumbruk og gjenbruk av utstyr der det er mogleg.

I 2025 fekk UiB også prisen for [årets miljøfyrtårn](#). Ifølge juryen blir UiB tildelt prisen for å ha «vist målretta og heilskapleg miljøleiing over tid. Universitetet sitt miljøarbeid er tydeleg forankra i toppleiinga, og konkrete klimatiltak har gitt dokumenterbare resultat». UiB blei også resertifisert som eit sykkelvenleg universitet i 2025.

4.5 Tilsettingar av personar med funksjonsnedsetting

Tala frå 2025 viser at talet på nytilsette med hol i CV eller funksjonsnedsetting er lavt ved UiB. Av totalt 776 utlyste stillingar var sju tilsette i denne gruppa. Det er om lag same nivå som i 2024.

Effektiviseringskrav, budsjettkutt og avgrensingar i bruk av mellombelse stillingar gjer det utfordrande med ytterlegare auke. For vitenskaplege stillingar er ein solid CV og særleg vitenskapleg produksjon med vekt på dei siste åra grunnleggande kvalifikasjonskrav.



Tabell 11. Tilsettingar av personar med funksjonsnedsetting

Tilsettingar	2024	2025
Utlysningar ved UiB	912	776
Tal på nytilsette som oppgga funksjons- nedsettelse eller fravær fra arbeid, utdanning eller opplæringsforhold	6	7
- Tal på tilsettingar som del av alle utlysningar	0,7 %	0,9 %

Kjelde: JobbNorge Merk at: UiB ser på datakvaliteten frå JobbNorge som usikker. Mellom anna er det frivillig å krysse av for målgruppa og fleire vegrar seg for å krysse av i frykt for forskjellsbehandling

UiB ønsker å vere proaktiv og prioritere haldningsarbeid for å endre etablerte oppfatningar og styrke mangfaldsperspektivet. Problemstillinga har vore drøfta med dei tillitsvalde i fleire møter. I 2025 er rutinane for dataregistrering av talet på søkarar med nedsett funksjonsevne og hol i CV-en i rekrutteringssystemet betra, noko som gir betre oversikt og kvalitetssikring av statistikk og tilretteleggingsbehov.

Arbeidsinkludering er no integrert i det strategiske HR-arbeidet for å redusere barrierar og støtte deltaking for personar som står utanfor arbeidslivet. I tillegg brukast traineeordninga i staten aktivt som eit verkemiddel for å auke rekrutteringa av personar med funksjonsnedsettjing og hol i CV-en.

I 2026 lanserer UiB ein ny handlingsplan for likestilling, inkludering og mangfald. Samstundes deltek universitetet i [KIMU](#), eit nasjonalt, tverrinstitusjonelt prosjekt som utviklar kurs i mangfaldleing for universitets- og høgskulesektoren.

4.6 Redusere konsulentbruken

I 2025 rekneskapsførte UiB 70 millionar kroner for bruk av konsulenttenester, mot 80 millionar kroner i 2024 og 140 millionar kroner i 2023. Ei detaljert oversikt er vist i tabellen under.

Tabell 12. Kjøp av konsulenttenester 2022 – 2025 (tall i millionar kroner)

Tenestetype	2021	2022	2023	2024	2025
6701 Konsulenttenester økonomi, revisjon og juss	15	8	6	5	6
6710 Konsulenttenester til utvikling av programvare, IKT-løsningar, mv.	8	8	28	25	21
6720 Konsulenttenester til organisasjonsutvikling	8	12	10	8	6
6721 Konsulenttenester til rekruttering	2	2	2	0	1
6722 Konsulenttenester til kommunikasjonsrådgivning	0	0	0	3	2
6730 Andre konsulenttenester	67	70	61	33	26
6731 Konsulenttenester analyser, planverk, utvikling	37	33	32	7	9
SUM	137	134	140	80	70

I hovudsak blir konsulenttenester nytta i dei tilfella der UiB sjølv ikkje har den naudsynte kompetansen. Den største delen av konsulenttenestene er knytt til utvikling av programvare/IKT-løsningar og andre konsulentkostnader, til saman 47 millionar kroner.



Andre konsulentkostnader er ein kategori som inneheld mange typar kostnader, og omfattar også kjøp av tenester til forskning. Det inkluderer blant anna datakjøp, laboratorietenester og ulike former for forskings- og undervisningssamarbeid. Av 26 millionar kroner er 19 millionar rekneskapsført ved fakulteta.

Konsulenttenester til utvikling av programvare, IKT-løysingar, mv., er bistand til utvikling av IKT-løysingar ved UiB i året som har gått. Det omfattar det pågåande arbeidet med nye nettsider og ferdigstilling av studentportalen UiBtreet.

I forhold til 2024 er det reduksjon på konsulentbruk på 10 millionar kroner. Nedgangen fordeler seg med 2 millionar kroner ved fakulteta og 8 millionar kroner i fellesadministrasjonen. Det er størst nedgang for andre konsulentkostnader og konsulentkostnader til utvikling i programvare og IKT-løysingar, der ferdigstilling av større IKT-prosjekt står for deler av nedgangen. For dei andre kategoriane er det mindre endringar frå 2024.

I 2025 blei det rekneskapsført om lag 2 millionar kroner til kommunikasjonsrådgjeving, mot nær 3 millionar kroner i 2024. Kostnadane er knytt til studentrekruttering, eit område der UiB har behov for å kjøpe eksterne tenester ettersom universitetet ikkje har tilstrekkeleg intern kompetanse.

4.7 Tryggleik og beredskap

Universitetet har ansvar for tryggleik og beredskap som omfattar både ei stor bygningsmasse, studentar, tilsette og besøkande. Med eit skjerpa tryggleiksbilete føreset det at UiB held seg oppdatert om trusselvurderingar frå nasjonale fagmyndigheiter.

UiB har etablert prosessar for å kartlegge eigne verdiar og avhengigheiter med betydning for nasjonal tryggleik. Arbeidet er gjennomført i tett samarbeid med fagmiljøa. I perioden 2024–2025 er det gjennomført ei systematisk kartlegging av informasjonsverdiar, og hausten 2025 er det gjennomført ei kartlegging med fokus på eksportkontrollrelevante verdiar. Gjennom dette arbeidet er det lagt eit grunnlag for ei heilskapleg tilnærming til tryggleiksarbeidet, der resultatane blir nytta til å styrke organisasjonen og sikre at nødvendige tiltak blir sette i verk for å verne verdiar. Kartleggingane markerer starten på ein kontinuerleg prosess som framover vil vere ein integrert del av universitetet sitt kvalitetssikrings- og styringsarbeid.

UiB har verksemds-ROS innanfor ulike felt, og det blir arbeidd med ein rapport som samanfatar arbeidet innanfor tryggleiksfeltet. Her er fokus på scenario med alvorlege konsekvensar, ikkje nødvendigvis på høgast sannsyn.

UiB si overordna ROS-analysar knytt til tryggleik og beredskap blei sist reviderte i 2024. I 2025 har det i hovudsak blitt arbeidd med tiltak etter revisjonen i 2024. Dei prioriterte



områda innanfor samfunnstryggleik var vald og truslar, reise til utlandet og brann. Dei viktigaste scenarioa blei identifiserte som knytt til:

- Førstelinjemøte med publikum og/eller studentar (vald og truslar)
- Større hending med mange involverte personar, der UiB har ein eller fleire tilsette, studentar eller gjester på arbeids- eller studiereise (reise til utlandet)
- Fullt utvikla brann og personar klarer ikkje å evakuere (brann)

Det blir arbeid med verksemds-ROS knytt til nasjonal tryggleik der sjølve analysen vil bli gjennomført våren 2026.

I 2025 blei det gjennomført ei samvirkeøving med NORCE, der tema var cyberangrep kombinert med ei båtulykke. Eit viktig læringspunkt var knytt til bruk av det digitale krisestøtteverktøyet (RAYVN), som blei innført ved årsskiftet 2024/2025. Sjølv om erfaringane i all hovudsak var positive, blei det likevel peikt på eit behov for noko meir opplæring og vidareutvikling av verktøyet. Elles blei det avdekt behov for meir og tettare samkøyring med relevante samarbeidspartnarar, som NORCE og Havforskningsinstituttet, for avklaring av ansvarsforhold ved kritiske hendingar, medrekna pårørandehandtering og kommunikasjon til media ved kritiske hendingar. Vidare må beredskapsleiinga styrkast med fleire loggførarar som skal få opplæring i loggføring og bruk av krisestøtteverktøy.

I desember 2025 blei det arrangert ei beredskapsøving der tema var normalisering etter pågåande livstrugande valdshending (PLIVO). Erfaringane frå øvinga er knytt til ansvarsavklaring i samband med handtering av pårørande ved hendingar som omfattar både tilsette og studentar, samt handtering av kommunikasjon.

Eit nytt styringssystem for tryggleik etter tryggleikslova var på plass i juni 2024. Styringssystemet skal bidra til å beskrive krav til, gjennomføring av, samt kontroll med det førebyggjande tryggleiksarbeidet etter tryggleikslova, samt handtere avvik frå dei underliggjande tryggleksområda som kan true kritisk infrastruktur og verdiar. Dette vil saman med Styringssystem for sikring av bygg og verdiar, Styringssystem for informasjonstryggleik og personvern (SIP), Retningsliner knytt til HMS og brannvern, og Retningsliner for eksportkontroll, med tilhøyrande avvikssystem og ROS-analysar, utgjere den totale tryggleiksstyring ved universitetet.

Styringssystem for informasjonstryggleik og personvern skal sikre at all behandling av informasjon og personopplysningar skjer på ein systematisk, planmessig og forsvarleg måte. Systemet er heimla i forvaltingslova med forskrifter og bygger på anerkjende standardar. Internkontroll på personvern er ein integrert del av dette styringssystemet. Tryggleiksstyring inngår som ein del av verksemdsstyring ved UiB.

I ei tid prega av globale utfordringar er det avgjerande å oppretthalde og vidareutvikle eit breitt internasjonalt kunnskapssamarbeid. Samstundes krev ein meir krevjande geopolitisk situasjon sterkare medvit om risiko og plikta til å følge nasjonale retningsliner. UiB har i 2025 etablert eit eige [AIS team](#) (ansvarleg internasjonalt samarbeid) for å støtte tilsette og sikre at samarbeid med internasjonale partnarar skjer på ein måte som er både open og



